



Årsmelding 2023 for Bykle kommune



Føreord

Kommunedirektøren legg med dette fram årsmeldinga for 2023. Årsmeldinga er kommunedirektørens presentasjon av kommunens rekneskap og oppnådde resultat for året vi har lagt bak oss.

Dei seinaste åra har synt oss korleis hendingar nasjonalt og internasjonalt skjer fort og uføreseieleg. Etter koronapandemien (2020-22) har krig og uro prega det internasjonale nyheitsbiletet. Krigane har ført til store menneskelege lidingar og auke i talet flyktningar i Europa. Her heime har renteauke og prisvekst gjort kvardagen meir krevjande for mange. Dette er hendingar som påverkar oss som enkelt menneske, verksemder og som kommune.

Målsettingane i kommuneplanens samfunnsdel er styrande for utviklingsarbeidet i kommunen. Kommunedirektøren har prioritert arbeid som skal bidrege til å auke folketalet, auke talet arbeidsplassar, sikre og utvikle eit variert bustadtilbod, og skape like moglegheiter til god psykisk helse og trivsel for alle. Dei globale klima og miljøutfordringane krevjar handling lokalt. Bykle kommune har difor ein berekrafttilnærming i utviklingsarbeidet og i den langsiktige forvaltninga av kommunens ressursar.

I løpet av 2022 og 2023 tok Bykle kommune i mot over 50 flyktningar frå Ukraina, og kommunen har i samarbeid med frivillige jobba for at dei skal verte godt integrert. Dette arbeidet vert vidareført i 2024.

Utdanning, arbeid og sosial inkludering er viktige folkehelseparameter. Kommunen har dei siste åra jobba med tiltak for å forebygge utanforskap. Dette arbeidet vert vidareført i 2024. Frivilligsentralen, Brynjeprosjektet og Bykle vaskeri er dei viktigaste tiltaka i dette arbeidet. I 2023 vart det tilsett prosjektleiar for Brynjeprosjektet og VTA-verksemnda Bykle vaskeri er no i drift.

Dyrtid har prega 2023 og for kommunen har det vore sentralt å legge til rette for enkelt menneske og verksemder som opplev ein økonomisk krevjande situasjon. Renteauke og prisvekst har slått tungt inn på kommunens utgifter og har ført til eit overforbruk for fleire av tenesteiningane. Samstundes fekk kommunen høgare kraftinntekter enn budsjettert i 2023 og i sum syner difor rekneskapen eit godt resultat. Kommunedirektøren ønskjer å understreke at kraftinntektene er under press og at det er avgjerande for kommunen å ta omsyn til dette åra som kjem.

Bykle kommune har som mål å auke innbyggjartalet og i løpet av 2023 gjekk det opp frå 995 til 1011. Målsettinga i kommuneplanens samfunnsdel om 1000 innbyggjarar innan 2026 er dermed nådd. Dette er ei svært positiv utvikling som ein vil jobbe med å styrke i åra som kjem. Kommunen har satt i verk fleire tiltak for auka bulyst hjå innbyggjarane og leggje til rette for dei som ønskjer å etablere seg i kommunen. Satsing på sosiale arenaer og kulturtiltak, og «Leige før eige» prosjektet er døme på dette arbeidet.

Tenestene i Bykle kommune skal vere gode og tilgjengelege. Det krevjar at vi jobbar kontinuerleg med tenestekvalitet og tenesteutvikling. Rekruttering og stabil bemanning i tenestene er avgjerande for dette arbeidet. Parallelt med nye krav til oppgåver og kompetanse, opplever vi større vanskar med å rekruttere på alle områder. Alt tydar på at mangel på arbeidskraft og kompetanse vil verte ei større utfordring framover for både privat næringsliv og det offentlege. Bykle kommune samarbeider difor med nabokommunar og det lokale næringslivet for å styrke vår attraktivitet i kampen om kompetanse og arbeidskraft.

Det vert samarbeidd godt på tvers av tenesteeiningar og fag, og dei tilsette strekk seg langt for å gjere sitt aller beste for Bykle kommune. I årsmeldinga finn ein årsrapportar frå alle tenesteeiningane. Desse rapportane gjev eit godt innblikk i arbeidet som har vore gjort i 2023 med beskrivingar av dei utfordringane dei har møtt og dei måla dei jobbar for å nå. Kommunedirektøren oppmodar alle til å lese desse grundig.

Til slutt vil kommunedirektøren takke alle tilsette og politikarane for eit godt samarbeide i 2023. Dei tilsette har jobba godt og målretta for å levere og utvikle gode tenester til innbyggjarane, og samarbeidet mellom politikk og administrasjon har vore konstruktivt, utviklingsorientert og prega av god rolleforståing.



Karina Sloth
Kommunedirektør

Årsmelding 2023 Bykle kommune

Pliktig årsberetning	5
Organisering	5
Politisk organisering	5
Likestilling, mangfold og inkludering	6
Styring, kontroll og etisk standard	13
Rekruttering 2023.....	14
Lønsoppgjøret 2023.....	14
Sjuefråvær 2023	14
Verne- og miljøarbeidet 2023	15
Tillitsvalde 2023.....	16
Administrativ organisering 2023	16
Økonomi	17
Generelt.....	17
Driftsresultat for Bykle kommune	19
Finansielle måltal.....	20
Fordeling inntekter og utgifter	21
Driftsrekneskap, oversikt 2020-2023	23
Økonomisk analyse.....	23
Arbeidskapital.....	24
Nøkkeltal frå rekneskapen	24
Skattedekningsgrad	24
Resultatgrad	25
Rente- og avdragstyngd.....	25
Driftsrekneskap-Budsjett.....	26
Investeringsrekneskapen – Budsjett	31
Resultat 2023.....	34
Næringsfondet.....	36
Avsetning til fond	36
Bruk av fond	37
Anna informasjon.....	38
Årsmelding frå stab og tenesteeiningar.....	38
Eining 10* Sentraladministrasjonen/ Kommunedirektørens stab	38
Eining 110 Pleie- og hjelpetenesta	49
Eining 121 Helsetenesta i Bykle og Valle	51
Eining 130/131 Teknisk drift og eigedom.....	54
Eining 150 Kultur og fritid.....	56
Eining 160 Bykle barne- og ungdomsskule.....	61
Eining 170 Barnehage.....	64
Eining 180 Fjellgardane skule	67

Pliktig årsberetning Organisering

Politisk organisering



Kommunestyret, mandatfordeling ved val i 2023:

	Menn	Kvinner	Sum
Arbeiderpartiet	2	2	4
Senterpartiet	2	0	2
Kristeleg Folkeparti	1	0	1
Høyre	2	1	3
Venstre	1	1	2
Bykle Bygdeliste	1	0	1

Ordfører: Hans Blattmann, AP

Varaordfører: Anne Merethe Hjemdahl, H


Leiar planutval: Anne Merethe Hjemdahl, H

Leiar leverkårsutval: Thor Bernhard Sagland, KRF

Leiar kontrollutvalet: Olav Mandt, H

Saker	2020	2021	2022	2023
Delegerte vedtak: - Byggesak	609	540	453	480
Politiske saker:				
Planutvalet	223	252	219	163
Formannskap	114	144	127	118
Kommunestyret	174	132	155	148
Levekårsutvalet	15	39	36	21

Kommunen skal ha fokus på god tenesteproduksjon til brukarane våre og aktiv tilrettelegging for næringsutvikling. Brukarane er i første rekkje innbyggjarane i kommunen, men "fritidsinnbyggjarane" er også brukarar av kommunale tenester.



Bykle kommune har i 2023 ein auke i innbyggertal på 16 personar, Per 1.1.2023 var det 995 innbyggjarar i kommunen, per 31.12. 2023 var vi 1011 personar, 525 menn og 486 kvinner. Her er vist folketal,etter alder. Tal frå SSB.

Likestilling, mangfald og inkludering

Likestilling inneber å sikre at alle menneske har like rettar, moglegheiter og verdigheit, uavhengig av kjønn. Dette tyder at menn og kvinner skal ha like moglegheiter til utdanning, arbeid, politisk deltakelse og personleg utvikling. Likestilling handlar også om å bekjempe diskriminering og urettferd basert på kjønn, og å fremje ein kultur der alle har likeverdige moglegheiter til å realisere sitt fulle potensial.


Mangfald refererer til den breie variasjonen av menneskeleg erfaring, identitet, bakgrunn og perspektiv. Dette inkluderer skilnader i kjønn, etnisitet, kultur, religion,

alder, seksuell orientering, funksjonsevne og meir. Å anerkjenne og verdsette mangfaldet i samfunnet bidreg til å skape eit meir inkluderande og rikt miljø der ulike stemmer og perspektiv blir høyrte og respektert.

Inkludering handlar om å aktivt arbeide for å skape eit samfunn eller ein organisasjon som er open, respektfull og tilgjengeleg for alle menneske, uavhengig av deira bakgrunn eller identitet. Dette inneber å fjerne barrierar som kan hindre deltakelse og engasjement, og å fremje ein kultur der alle kjenner seg velkomne, aksepterte og verdsatte. Inkludering handlar òg om å ta informative tiltak for å sikre at alle grupper og enkeltpersonar får like moglegheiter og tilgang til ressursar.

I lag utgjer desse omgrepa eit rammeverk for å bygge eit rettferdig, inkluderande og mangfaldig samfunn der alle menneske kan leve frie, verdige og likeverdige liv. Å fremje likestilling, mangfald og inkludering krev medvit, engasjement og handling på individ-, samfunns- og politisk nivå for å skape ei verd der alle har moglegheita til å trivast og realisere sitt fulle potensial.

Likestillingsbarometer Bykle kommune, kvinneandel per 31.12.23:



Frå 2020 er aktivitets- og redegjæringsplikten (ARP) styrka, i samsvar med Likestillings- og diskrimineringslova, som gjeld frå januar 2018.

For offentlege verksemdar betyr desse endringane at:



Alle arbeidsgjevarar skal jobbe med å hindre samansett diskriminering, kjønnsbasert vald og seksuell trakassering. Verksemdene skal følgje ein lovbestemt arbeidsmetode på fire trinn når ein skal jobbe med likestilling. Alle verksemdene skal kartleggje lønnsforhold etter kjønn og ufrivillig deltidsarbeid annakvart år.

Verksemdene må gjere greie for arbeidet med aktivitetsplikta

Utgreiing for kjønnslikestilling

Kjønnsbalanse:

Kjønnsbalansen har vore stabil over år, med eit forholdstal på om lag 72/28 mellom kvinner/menn. Frå 2022 til 2023 har talet på menn auka til 29,3%. Menntil ein viss grad oppfordra til å søkje stillingar i t.d. omsorgsyрkar, men ved tilsetjing vert kvinner og menn stilt likt, det er den samla kompetansen i høve til krav til stillinga som vert avgjerande. I heiltidskultur er eitt av måla å skape attraktive stillingar og arbeidsplassar. I ein deltidskultur der små stillingar og mangel på kontinuitet er resultatet, er det grunn til å tru at menn vil søkje seg vekk eller ikkje søkje i det heile. Når me ser på korleis kvinner og menn fordeler seg i ulike aldersgrupper, ser me at talet på menn er høgast og held seg stabil blant tilsette over 50 år.



Pr 31.12.23 var det 176 fast tilsette fordelt på 166,8 årsverk i Bykle kommune, 125 kvinner med 117,5 årsverk og 51 menn med 49,3 årsverk. I tillegg er det 2 Lis1 leger, 3 lærlingar, midlertidige på spesialpedagogiske tiltak og flyktingar samt vakante stillingar som til saman utgjer 184,2 årsverk.

Andelen kvinnelege leiarar var per 31.12.23 på 61,54 % (inkl. kommunedirektør)

Utgreiing av arbeidet for likestilling og mot diskriminering

Bykle kommune ynskjer å arbeide aktivt for likestilling og mot diskriminering. I kommunen sin personalpolitiske plattform er eit hovudområda likestilling.

Mål

Bykle kommune ynskjer å leggje til rette for ei jamn fordeling av begge kjønn, både totalt og fordelt på yrkesgrupper.

Bykle kommune ynskjer at alle skal få like høve til personleg og fagleg utvikling.

Bykle kommune ønskjer å leggje til rette for å tilsetje fleire søkjarar med annan kulturell bakgrunn.

Bykle kommune ynskjer at representasjonen i styre, råd og utval skal vere samansett av begge kjønn på ein slik måte at ein oppnår likestilling.

Likestillings- og diskrimineringslova § 6. Forbud mot å diskriminere

Diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av disse er forbode. Etnisitet handlar mellom anna om nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge og språk.

Vi skal gjere greie for arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering på følgjande område: Kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion / livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering og kjønnsidentitet/kjønnsuttrykk.

Risikovurdering

Utgreiingsplikta gjeld desse områda, som er med i risikomatrissa:

	Rekruttering	Løn og arbeidsvilkår	Forfremjing/utvikling	Tilrettelegging	Arbeid/familie
Kjønn					
Graviditet					
Etnisitet					
Religion					
Omsorgsoppgåver					
Nedsett funksjons- evne					

Rekruttering

Kommunen lyser ut stillingar med fokus på mangfald og oppfordring til å søke uavhengig av kjønn, funksjonsnivå og etnisitet. Kommunen skal gjere ei jobbanalyse før stillingsteksten blir utforma. Slik analyse skal gjennomførast utan tanke på den personen som går ut av stillinga. Det er viktig å vere tydeleg på ønska kompetanse og at denne er uavhengig av kjønn, religion eller om søkjaren har nedsett funksjonsevne. Kommunen skal stille krav til norskkunnskapar i ein del stillingar. Søkjarar med annan etnisk bakgrunn kan såleis oppfatte seg som diskriminert når vedkomande ikkje får jobb eller lærlingplass med bakgrunn i manglande norskkunnskapar.

Lønn og arbeidsvilkår

Lønspolitikken skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å nå verksemda sine mål, rekruttere og halde på godt kvalifisert arbeidskraft, stimulere til auka og nytta kompetanse og sikre likeverdige lønsforhold, uavhengig av kommunalområde, alder og kjønn. Å rekruttere eller behalde rett kompetanse kan gi saklege grunnar til lønnsforskjell. Her må ein ta ein vurdering på om forskjellsbehandlinga er nødvendig. For yrkesgrupper der vi ser at det er vanskeleg å rekruttere eller behalde naudsynt kompetanse, kan det vere aktuelt å yte eit rekrutteringstilskot eller endre lønsplassering i samsvar med HTA.

Forfremjing og utvikling

Kompetanse og rekruttering byggjer på at rett og nyttiggjort kompetanse gir riktige tenester. Risikofaktorar kan vere at tilsette føler seg lite verdsett, eller diskriminerte fordi dei opplever at ein stor del av kompetansen deira ikkje vert nytta. At andre går føre. Ein kan også kjenne seg urettferdig behandla i høve kompetanseheving, der ein meiner andre "alltid får først". Ein risikofaktor som gjeld gravide er at med auka tendens til lange sjukemeldingar som vert avløyst av ein fødselspermisjon. Det også ein auka trend at kvinnene tek ut uløna permisjon etter at rettane til fødselspermisjon er tekne ut. Slike, til dels sjølvvalde lange frávær frå arbeidet kan få som konsekvens at kvinnene går glipp av utviklinga på arbeidsplassen, og treng tid for å hente inn att kompetansen som trengst for å oppnå forfremjing.

Det same gjeld tilsette som er minoritetsspråklege. På grunn av norskkunnskapar vil desse ofte mangle grunnlag for fagleg utvikling.

Tilrettelegging

Ein arbeidstakar med nedsett funksjonsevne har rett på egna individuell tilrettelegging ved behov både på arbeidsplassen og i ein tilsetjingsprosess. Tilrettelegging er alle dei tiltaka som arbeidsgjevar set i verk som gjeld organisering og utføring av arbeidet, utforming av arbeidsplassen og arbeidsmiljøet generelt. Arbeidsgjevaren skal organisere arbeidet og legge det til rette slik at arbeidstakarane kan stå i størst mogleg jobb og være like friske når dei går heim frå arbeidet som då

dei kom. Tilrettelegging gjeld for alle arbeidstakarar, ikkje berre for personar med redusert arbeidsevne.

Å legge arbeidet til rette for arbeidstakarane er ein del av arbeidsgjevar si plikt til å iverksette tiltak som sikrar et fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstakar har plikt til å medverke i tilretteleggingsarbeidet, slik at arbeidsgjevar og arbeidstakar kan finne gode løysingar i samarbeid. Arbeidsgjevar må vere merksam på at stor grad av tilrettelegging over tid for fleire arbeidstakarar kan gå ut over andre arbeidstakarar - og kan føre til auka fråvær.

Arbeid/familie

Arbeidsmiljølova gir rett til redusert arbeidstid dersom ein har en helsemessig, sosial eller velferdsmessig grunngeving. Foreldre med barn under 10 år kan søkje om redusert arbeidstid på grunnlag av denne lovregelen. Kommunen skal legge til rette for at småbarnsforeldre i størst mogleg grad kan kombinere arbeid og familie. Kommunen arbeider for å skape ein heiltidskultur der heiltidsstillingar er det vanlege. Deltidsstillingar og ynske om reduserte stillingar er mest utbreidd hos kvinner. Dette er ei utfordring og skaper eit motsetningsforhold til målet om ein heiltidskultur

Organisering av likestillingsarbeidet

Levekårsutvalet er Bykle kommune sitt politiske likestillingsutval som skal fremje likestilling, mangfald og inkludering, og hindre diskriminering. Som arbeidsgjevar har Bykle kommune plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Bykle kommune har gjennom personalpolitisk plattform felt ned syn på og tiltak for å hindre diskriminering og for å fremje likestilling. Kommunedirektøren har ansvar for å følgje opp planen. Tenesteleiarane og dei tillitsvalde har eit særleg ansvar for det løpande likestillings- og likeverdsarbeidet.

Tiltak innanfor dei ulike personalpolitiske områda for å fremje likestilling og hindre diskriminering

Rekruttering

Føretrekkje søkjarar som er underrepresenterte under elles like vilkår, jf. HTA § 2.2

Vere spesielt fokuserte ved tilsetjing i leiarstillingar

Rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke

Leggje vekt på rekruttering av personar med ein annan kulturell bakgrunn dersom dei elles er kvalifisert for stillinga

Leggje vekt på rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne dersom dei elles er kvalifisert for stillinga og nødvendige tilpassingar er mogleg.

Likestilling og likeverd i tilsetjingsforholdet til den einskilde arbeidstakaren

Leggje til rette for at deltidstilsette får utvida stilling

Leggje til rette for fagleg utvikling gjennom kompetanseheving, etter- og vidareutdanning for begge kjønn og for deltidstilsette

Likestilling ved representasjon i styre, råd og utval

Leggje til rette for at faste råd og utval skal vere samansette av begge kjønn på ein slik måte at ein oppnår likestilling

Leggje til rette for at arbeidsgrupper, prosjektgrupper og adhoc-utval skal vere samansette av begge kjønn på ein slik måte at ein oppnår likestilling, jf. kommunelova § 80a.

Lønn og arbeidsvilkår

Lønspolitikk for Bykle kommune treng ein revidering. Kommunen sin lønspolitikk og kriterium for lønsutvikling skal vere kjent i heile organisasjonen. Lønspolitikken vert utarbeidd i samarbeid mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar. Lønspolitikken skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å nå verksemda sine mål, rekruttere og halde på godt kvalifisert arbeidskraft, stimulere til auka og nytta kompetanse og sikre likeverdige lønsforhold, uavhengig av seksjon, alder og kjønn. I tillegg til lokal lønspolitikk for Bykle kommune avgjer sentrale føringar i kvart tariffoppgjer lønsutviklinga for våre tilsette. Lønsharmonisering mellom ulike yrkesgrupper er eit hovudansvar for dei sentrale partane i tariffoppgjeret. Bykle kommune vil lojalt følgje opp eventuelle føringar frå desse oppgjera.

Det er eit mål for Bykle kommune å ha ei balansert fordeling av kvinner og menn i leiande stillingar, og å få ei jamnare kjønnsfordeling i stillingar der det eine kjønn er overrepresentert.

Det er eit mål at flest mogleg som ønskjer det, får utvide stillinga si til 100 prosent.

Permisjonsreglementet byggjer på personalpolitisk plattform, og skal sikre permisjonsvilkår i tråd med lov og avtaleverk som dekkjer dei tilsette sine behov så langt som råd. Permisjonsreglementet sikrar mellom anna omsorgspermisjonar og velferdspermisjonar som skal gjere det mogleg å stå i størst mogleg stilling i ulike livsfasar og kombinere arbeid og familie.

Høve til utvikling og karriere

Kompetanse og rekruttering skal byggje på at rett og nyttiggjort kompetanse gir riktige tenester. Kompetansomobilisering er å ta i bruk alle dei menneskelege ressursane og den kompetansen som fins i organisasjonen, også kompetanse som ikkje kan dokumenterast med vitnemål. Medarbeidarane sitt kompetansepotensial må mobiliserast gjennom relevante oppgåver og utfordringar. Leiarar på alle nivå er ansvarlege for å kartleggje kompetanse- og utviklingsbehovet innanfor sitt tenesteområde og setje i verk tiltak.

Kompetanseutvikling måleggjast inn som ein naturleg del av årshjulet på arbeidsplassen.

Den årlege medarbeidarsamtalen skal danne viktig grunnlag for mobilisering og utvikling.

Vern mot trakassering og diskriminering

Alle former for mobbing og trakassering på arbeidsplassane våre er ikkje akseptert. Kommunen har rutinar for varsling av ulovlege eller kritikkverdige tilhøve, og har systematisk oppfølging av desse. Det skal vere trygt å seie frå om ulovlege eller kritikkverdige forhold i Bykle kommune. Kommunen har teke i bruk Compilo som system for kvalitetshandbok, avvikshandtering, risikoanalyse, årshjul og HMT-handbok.

Heiltidskultur

Deltidskultur medverkar til ein kjønnsdelt arbeidsliv. Slik arbeidet har vorte organisert, særleg innafor tenester med heildøgnsdrift, har det vorte lagt opp til at ein stor del av arbeidstakarane må gå i små stillingar for å dekkje opp behovet for personale på helg. Denne tunge deltidskulturen finst i hovudsak der kvinner er i fleirtal blant dei tilsette. Bykle kommune har 22 faste tilsette i deltidstillingar, nokon av desse er gradert ufør, har gått av med delvis AFP eller ynskjer ikkje større stilling. For dei som ynskjer heil /større stilling søker Bykle kommune så langt som råd å slå saman og tilby deltidstilsette utvida stilling når det er ledig stilling dei er kvalifisert for.

Utanforskap

KS set lyset på korleis kommunesektoren kan medverke til inkludering og til å motverke og førebyggje utanforskap. Utanforskap handlar om einskildpersonar og/eller grupper som fell utanfor ulike arenaer eller fellesskap utan å ynskje det. Konsekvensane for utanforskap kan vere store, både for den einskilde og for samfunnet. Bykle kommune arbeidar med korleis vi som arbeidsgjevar kan medverke til å skape integrasjon og oppleving av å høyre til gjennom Brynje prosjektet.

Tiltak som er planlagt for å fremje likestilling og hindre diskriminering

Kommunen har teke i bruk Visma HR portalen frå januar 2024, og vil no ha eit grunnlag for å dokumentere og ha oversikt over faktorar for likestilling mellom kvinner og menn, og kunne samanlikne frå år til år.

Kommunane står føre store utfordringar innanfor rekruttere og behalde arbeidskraft i åra som kjem. Målet er å sikre god tenestekvalitet og helsefremjande arbeidsvilkår gjennom å setje utfordringane på dagsorden og saman finne gode løysningar.

Styring, kontroll og etisk standard

Det er viktig å sikre god internkontroll på alle felt i kommunen, og det blir arbeida aktivt for å sikre dette.

Det er utarbeida ei felles ROS-analyse for alle kommunane i Setesdal.

Bykle kommune har Compilo som er eit kvalitetssikringssystem, i alle einingar. I dette systemet blir alle internkontrollrutinar samla, rutinar for utføring av oppgåver mv, og alle tilsette har tilgang. Det blir lagt inn dato for revisjon av rutinane slik at desse blir oppdaterte jamnleg. Alle avvik i kommunen skal meldast gjennom Compilo, slik at leiarar, og kommunedirektør som øvste leiar, skal ha oversikt og kontroll over alle avvik. Compilo skal også nyttast ved varsling. Alle einingar har tatt systemet i bruk, nokon er veldig flinke til å melde avvik i systemet, medan andre framleis har ein veg å gå.

Det er økonomisk styring og kontroll gjennom budsjett og økonomiplan, og tilbakemeldingar som kjem ved tertialrapportar og årsmelding. Økonomisk internkontroll søker vi å sikre ved å lage gode rutinar for dei enkelte områda. Vi legg og opp til at det skal være meir enn ein person som kan kvart arbeidsområde, for på denne måten å sikre kontinuitet, minske sårbarheit og ha betre internkontroll. Gjennomgang av Bykle kommune sine etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette samt økonomireglementet er ein del av årshjulet til kommunen. Dette er med å sikre god kontroll og høg etisk standard i verksemda.

Rekruttering 2023

Rekruttering er ein avgjerande prosess for å finne og velje eigna kandidatar til stillingar eller roller i ein organisasjon. Det handlar om å tiltrekke seg talentfulle og eigna kandidatar som kan bidra til å oppfylle organisasjonens mål og behov. Bykle kommune hadde 50 utlysingar av ledige stillingar med søknadsfrist i perioden 01.01.23– 31.12.23, der 2 stk. var annan gongs-utlysing. Det er gjort vedtak i totalt 67 tilsetjingssaker som inkluderer tilkallingsvikarar, sommarvikarar, vikariat og faste stillingar. I 2023 hadde Bykle kommune totalt 3 lærlingar, helsefagarbeidar, byggdriftar og barne- og ungdomsarbeidar.


Lønsoppgjeret 2023

I 2023 var det mellomoppgjer og gjennomsnittleg årslønnsvekst (for alle kap. i hovudtariff-avtalen) frå 2022 til 2023 for KS-område var 5,6 %. Verknadsdato for lønnsoppgjeret i 2023 var 01.05.23 for kapittel 4, 3 og 5. Dei fleste kommunalt tilsette får løna si fastsett ved sentrale forhandlingar (kap. 4). Lønnsutvikling i kapittel 3 (leiarar) og kapittel 5 (akademikarar) har lokal lønnsfastsetjing og blir berekna med utgangspunkt i gjennomsnittleg årslønnsvekst i kapitlet. Årslønnsveksten for kap. 3 (leiare) var 5,4 % og kap. 5 etter lokale forhandlingar lokalt blei høvesvis 5,7% inkludert overheng og lønnsgliding.

Sjukefråvær 2023

Sjukefråværet i 2023 var totalt på 9,85 % mot 8,49 % i 2022. Sjukefråvær er ein økonomisk kostnad, då arbeidsgjevar betalar sjukepengane i arbeidsgjevarperioden, dei første 16 dagane av fråværet. Det vil seie at det meste av korttidsfråværet er det arbeidsgjevar som betalar for. Nokre har fritak for arbeidsgjevarperiode, der NAV betalar alt, men det er eit fåtal.

Fråværsprosenten er høgare enn det vi har som målsetting. Målsettinga for 2023 var eit sjukefråvær under 6%, noko som er under landsgjennomsnittet. Det er ikkje meldt at fråværet skuldast arbeidstilhøve. Arbeidsgjevar har gjort tilrettelegging og tilpassing av oppgåver i nokre tilfelle. I einingane blir det gjort godt arbeid med oppfylging av sjuke arbeidstakarar, men vi kan gjere ein endå betre innsats på tett oppfylging og betre innsats på førebygging. Det skal lite til før fråværet svingar i ein liten organisasjon. Arbeidsmiljøutvalet har igangsett eit trimprosjekt og vil fortsette å ha fokus på sjukefråvær og sjå på tiltak som kan redusere dette.



Verne- og miljøarbeidet 2023

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) hadde 5 ordinære møter i 2023 og handsama totalt 34 saker. Representant frå bedriftshelsetenesta blir inviterte på alle AMU møter. Bedriftshelsetenesta har som fast innslag hatt tema for AMU. Tema i 2023 har vore risikovurderingar og psykisk belastning i arbeidsforhold.

AMU har vedteke årshjul for faste saker, bl.a. handsaming av kvartalsvise rapportar over sjukefråvær og avvik. Bykle kommune har rammeavtale med bedriftshelseteneste (BHT). BHT utarbeider års- og statusrapportar kvart år, samt samarbeidsplan. BHT blir i hovudsak nytta til lovpålagte helsekontrollar for enkelte yrkesgrupper, samarbeidsmøte på einingane, deltaking i AMU, rådgjeving og opplæring.

Det er etablert faste møter med hovudverneombod, kommunedirektør og personalsjef annankvar månad. Hovudverneombod har faste møter med verneomboda i einingane.

Vi har kontrakt med Medco Bedriftshelseteneste AS og har ein samarbeidsavtale der ein avtalar kva område dei skal engasjere seg i. Samarbeidsavtalen gjeld for eitt år

av gonga og blir utarbeidd etter innspel frå einingane. Den blir vedteken av arbeidsmiljøutvalet.

Tillitsvalde 2023

Bykle kommune har 15 tillitsvalde ute på arbeidsplassane inkludert dei 3 hovudtillitsvalde (NSF, Fagforbundet og Utdanningsforbundet) Hovudtillitsvalde har faste møter med kommunedirektøren/personalsjefen og er med i tilsetjingar og drøftingar på leiarnivå. Dei andre tillitsvalde deltek i prosessar ute på einingane/avdelingane.

Administrativ organisering 2023

Kommunen er per 31.12. organisert med 7 tenesteeiningar og 4 avdelingar i kommunedirektøren sin stab. Budsjett vert vedteke per eining, som rammebudsjett.

Dei 7 tenesteeiningene er

- Pleie og hjelpetenesta,
- Helsetenesta i Bykle og Valle,
- Kultur og fritid,
- Barnehagane,
- Bykle barne- og ungdomskule,
- Fjellgardane skule,
- Teknisk drift og eigedom

Kommunedirektøren sin stab er organisert slik:

Direkte under kommunedirektøren i tillegg til stabseiningene:

digitaliseringsansvarleg/ beredskapskoordinator, kommunikasjonsrådgjevar, seniorrådgjevar folkehelse og flyktningarbeid, skule og- barnehage fagleg rådgjevar, strategisk rådgjevar og juridisk rådgjevar.

Stabseiningar med egne leiarar:

Planavdelinga: byggesak, oppmåling, landbruk/utmark, areal/plan,

Gis/geodata, løyper, buplikt, sal av kommunale tomter

Personalavdelinga: personal/løn, og HMT

Økonomiavdelinga: budsjett, rekneskap, innfordring, økonomi/skatt.

Næring: administrativ kontaktperson overfor næringslivet, næringsutvikling og næringssaker.

Kommunikasjonsavdelinga: informasjon, politisk sekretariat, heimesida, arkiv, post, beredskap, val, Byklaren og innkjøp

Økonomi



Generelt

Bykle kommune har ein god økonomi, men inntektene er under press. Realverdien av skatter og avgifter vert redusert år for år. Avkastning, overskot, fondsbeholdning og resultatgrad er omgrep som blir nytta i analysen av kommunane som organisasjonar. Desse kan være aktuelle i visse høve, men ein bør hugse på at målet er å gje gode og relevante tenester, å investere i fellesgode og forvaltning som gjev innbyggjarane velferd, trivsel og utfolding.

Samla sett ligg driftsinntektene i 2023 over revidera budsjett og dekkar driftskostnadane som er over revidera budsjett. Verdiane på aksjar er vurdert i samsvar med gjeldande reglar. Avskrivning på bygg og anlegg er gjennomført med standard avskrivingssatsar. Avsetjingar og periodiseringar er gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk.

Dei viktigaste inntektskjeldene for Bykle kommune er: Naturressursskatt, formues- og inntektsskatt, eigedomsskatt, konsesjonsavgifter, konsesjonskraft, finansinntekter og brukarbetaling for kjøp av kommunale tenester.


Av driftsinntekter i 2023 på totalt kr 447 294 000 er kr 249 138 000 kraftrelaterte inntekter, som følgje av erstatningar og kompensasjon frå kraftutbygging og kraftproduksjon, og dei fordeler seg slik:

Konsesjonsavgifter (miljøavgift) kr 39 261 000

Konsesjonskraftinntekter kr 111 000 000

Eigedomsskatt på kraftproduksjon og kraftlinjer kr 60 266 000

Naturressursskatt kr 38 611 000



Dei kraftrelatera inntektane er avgjerande for god teneste- og velferdsproduksjon i kommunen. Det er særst viktig å følgje opp desse rettane og inntektene i åra som kjem. Dette gjeld både ved å syte for at eigen kompetanse er til stades i kommunen, og at forståinga for grunnlaget for inntekter er tilstrekkeleg.

Kraftinntekter er resultatet av store kraftutbyggingar i Bykle. Gjennom store regulerings-magasin i kommunen vert det generera ei verdiskaping av fornybar rein energi på over 3,5 TWH. Dette tilsvarar straum til over 220.000 husstander.

Men store utbyggingar har sin pris, som i Bykle med neddemde og øydelagde grender og bygdelag. Det er derfor veldig viktig å få fram samanhengane mellom den store prisen lokalsamfunnet har betalt, og den rettmessige godtgjeringa i form av skattar og avgifter som kjem ut i andre enden av desse utbyggingane, og som er eit avgjerande grunnlag for ei vidare drift og utvikling av lokalsamfunnet. Avkastinga av desse utbyggingane til region og stat er i sum fleire gonger større enn det som vert attendeført til rørde lokalsamfunn.

Driftsresultat for Bykle kommune

Bykle hadde eit netto driftsresultat i 2023 på kr 96 253 000. Netto driftsresultat er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntekter etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Resultatet syner om kommunen byggjer eller tærer på eigenkapitalen. Konesjonsavgifter, kr 39 261 000 for 2023, har særskilte reglar for korleis dei kan nyttast (næring og utbygging/infrastruktur). Brutto driftsresultat syner inntekter ein sit att med etter at alle driftsutgifter, også avskrivningar, er dekkja.

- = inntekt

Resultatmål (tal i 1000)	2019	2020	2021	2022	2023
Brutto driftsresultat	- 13 735	- 49 169	- 36 671	-22 910	- 58 469
Netto driftsresultat	- 35 193	- 65 842	-49 415	-48 480	- 96 253
Samla driftsinntekter	- 289 344	- 321 089	- 315 319	- 347 426	- 447 294
Samla driftsutgifter	275 609	271 920	278 648	324 515	388 824

Brutto og netto resultatgrad syner forholdet mellom samla inntekter og utgifter. Forskjellen er at den eine (brutto) tek omsyn til avskrivningar, medan den andre (netto) tek omsyn til finansutgiftene. I kommunerekneskapen er det mest fokus på netto driftsresultat, og dette talet seier noko om kva kommunen har av eigne midlar til investering og avsetning. KS anslår at kommunane bør ha 2-5% netto driftsresultat for å ha ein sunn og berekraftig økonomi. Bykle har i 2023 netto driftsresultat på 21 %.

Likviditetssituasjonen er god. Samla kommunal langsiktig gjeld, om ein ser bort frå pensjonsforpliktelser, er på kr 133 951 000. Dette er lån teke opp i Husbanken for vidare utlån, kr 12 524 000. Resterande er for finansiering av eige bygg og til sjølvkostområdet; vann,avløp,renovasjon. Kommunen har per 31.12 ikkje langsiktige finansielle midler.

Saldo på næringsfond, driftsreguleringsfond og kapitalfond er auka med kr 49 213 000 i 2023. Total saldo på fond, inkludert bundne midlar, er på kr 323 573 000. Dette tilsvarar ca 72 % av årets driftsinntekter. Delar av desse midlane er bundne midlar, så som grunnkapital næringsfond, løyvde ikkje utbetale næringstilskott, øremerka midlar og midlar sett av til vedtekne tiltak.

Inntektane for 2023 er høge på grunn av kraftinntekter, men forholdet mellom inntekter og utgifter utvikler seg i negativ retning, og vi må arbeide vidare med tiltak for å oppretthalde handlefridomen.

Finansielle måltal

Det er ved budsjetthandsaminga vedteke finansielle måltal. Dette for å ivareta den økonomiske handleevna over tid. Dei måltal som vart vedteke er

1. Netto driftsresultat vert sett til minimum 3 % av driftsinntektane
2. Disposisjonsfond skal vere minimum 15% av driftsinntektane
3. Langsiktig gjeld skal vere maksimum 65% av driftsinntektane
4. Eigenfinansiering investeringar skal vere minimum 20%


Resultatet for 2023 som gjeld dei finansielle måltala vart slik:

Netto driftsresultat	21%
Disposisjonsfond (frie fond)	19%
Langsiktig gjeld (fratrasket pensjonsforpl)	30%
Eigenfinansiering investeringar	100%

Disposisjonsfond gjeld driftsreguleringsfondet. Det er fleire disposisjonsfond, men dei er avsatt spesielle formål. Tala for 2023 viser at vi ligg godt innforbi dei måltal vi har sett for å kunne ivareta vår økonomiske handleevne over tid.

Finansering av årets investeringar er i hovudsak gjort ved bruk av tidlegare avsette midlar i driftsreguleringsfondet i tillegg til bruk av næringsfond. Det er i 2023 ikkje teke opp nye lån for dekning av investeringar.


Fordeling inntekter og utgifter



Tall i 1 kroner	Regulert		
	Regnskap 2023	budsjett 2023	Regnskap 2022
Driftsinntekter			
Rammetilskudd	-15 457 452	0	-8 999 013
Inntekts- og formuesskatt	-48 672 204	-37 189 000	-47 450 656
Eiendomsskatt	-60 266 265	-49 000 000	-48 835 821
Andre skatteinntekter	-77 872 622	-76 358 000	-81 211 310
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-19 051 102	-7 000 000	-7 330 081
Overføringer og tilskudd fra andre	-170 110 063	-126 036 312	-97 596 250
Brukerbetalinger	-4 660 481	-3 632 500	-4 731 709
Salgs- og leieinntekter	-51 203 815	-43 494 500	-51 271 204
Sum driftsinntekter	-447 294 004	-342 710 312	-347 426 044

Årsmelding 2023 Bykle kommune

Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	145 907 846	132 973 823	127 326 925
Sosiale utgifter	34 147 180	39 825 062	33 480 756
Kjøp av varer og tjenester	129 922 917	113 780 772	94 523 625
Overføringer og tilskudd til andre	52 637 136	22 704 000	43 221 021
Avskrivninger	26 209 634	20 637 000	25 989 901
Sum driftsutgifter	388 824 713	329 920 657	324 542 228



Driftsrekneskap, oversikt 2020-2023

Ein gjer merksam på at det kan være interne endringar i kva for tal som ligg inne i den einskilde eining år for år. Oppstillinga viser tal etter fordeling/organisering slik den er no, i 2023, og gjev ein liten oversikt over utviklinga frå år 2020 til 2023. Oppstillinga syner netttotal, så auke i kostnader kan være dekkja inn ved auke i inntekter. Reduksjon i inntekter kan og gje utslag som viser auke i utgifter.

Dei to eningane som har auka mest er pleie- og omsorgstenesta og teknisk drift og eigedom. Auke i tilbod med ny rehabiliteringsteneste på Hovden og generell auke i kostnader på straum og materiell til drift og vedlikehold er hovedgrunnen til auken i desse to einingane.

		Regnskap 2020	Regnskap 2021	Regnskap 2022	Regnskap 2023
100	Enhet Kommunedirektøren	19 486 142	19 010 703	17 054 485	19 230 836
101	Enhet skatt,avgift,finansinntekt	-251 199 805	-206 356 715	-233 149 174	--322 614 872
102	Enhet fond, interne overføringer	81 885 070	29 468 720	46 713 965	97 489 275
103	Enhet Politisk styre,råd,utvalg	4 437 525	7 352 225	4 754 826	5 464 692
104	RM stab Personal	2 428 050	2 111 662	2 530 802	3 654 800
106	RM stab Næring	20 715 272	20 419 323	27 595 777	38 501 282
107	RM stab Plan	7 461 985	7 142 052	7 204 351	9 057 747
108	RM stab Kommunikasjon	7 725 975	7 665 516	6 884 561	8 492 761
110	Enhet Pleie- og omsorgsteneste	26 498 105	28 449 872	33 319 238	36 329 982
121	Helsetenesta i Bykle og Valle	13 361 240	15 258 795	15 454 364	15 585 258
130	Enhet Teknisk drift og eigedom	39 229 564	37 536 815	42 891 169	53 689 219
131	Selvkost inkl TDE	-16 006 743	-12 918 547	-16 706 723	--20 162 943
150	Enhet Kultur og fritid	11 314 733	11 486 394	11 060 635	13 071 455
160	Enhet Bykle barne- og ungdomsskule	14 453 392	14 757 400	14 081 438	18 657 017
170	Enhet Barnehage	9 509 971	9 623 572	10 314 209	12 509 856
180	Enhet Fjellgardane skule	8 668 559	8 992 214	10 023 118	11 016 589

Økonomisk analyse

Dette avsnittet syner utviklinga i kommunen si økonomiske stilling ved hjelp av balanseoppstilling og endring i arbeidskapital.

Balanseoppstillinga viser utviklinga i kommunen sine bokførte eigenlutar, gjeld og eigenkapital. Det er gjennomført aktiveringar og avskrivningar på ordinær måte. I summen anleggsmidlar er pensjonsmidlar i KLP og SPK (statens pensjonskasse) bokført med kr 309 255 000 samt at i summen gjeld på lang sikt ligg pensjonsforpliktelse i KLP og SPK med kr 299 224 000. Eigenkapitalen er auka med kr 90 453 000.

i 1000

Balanse pr 31.12	2020	2021	2022	2023
Anleggsmidler	1 026 626	1 043 798	1 061 084	1 111 427
Omløpsmidlar	306 819	326 804	368 988	408 726
Sum egenlutar	1 333 445	1 370 602	1 430 072	1 520 153
Eigenkapital	871 572	923 953	955 533	1 045 985
Langsiktig gjeld	428 616	408 174	423 071	433 175
Kortsiktig gjeld	33 258	38 474	51 435	40 992
Sum gjeld og egenkapital	1 333 446	1 370 601	1 430 039	1 520 153

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er lik omløpsmidlar minus gjeld på stutt sikt. Oversikt over utviklinga/endingar i arbeidskapitalen er nyttig informasjon i samband med vurdering av finansieringa av kommunen si drift.

i 1000	2020	2021	2022	2023
Sum omløpsmidlar 01.01	224 837	306 819	326 804	369 855
Sum omløpsmidlar 31.12	306 819	326 804	369 855	408 726
Endring i omløpsmidlar (A)	81 982	19 984	42 151	39 770
Gjeld på kort sikt 01.01.	54 727	3 325	38 474	51 435
Gjeld på kort sikt 31.12.	3 325	38 474	51 435	40 992
Endring i gjeld på kort sikt (B)	21 469	-5 216	-12 960	10 443
Endring i arbeidskapital (A-B)	103 451	14 767	29 190	50 213
Arbeidskapital pr 31.12.	273 561	288 329	317 520	367 733

Nøkkeltal frå rekneskapen


Skattedekningsgrad

Syner storleiken på skatteinntektene i høve til driftsutgiftene. Denne får ein fram ved å rekne ut summen av eigedomsskatten, formues- og inntektsskatten og naturressursskatten sin prosentvise andel av driftsutgiftene.




Resultatgrad

Resultatgrad syner kor stor del av brutto driftsresultat som kan nyttast til å dekke anna enn driftsutgifter. Ved å rekne ut brutto driftsresultat sin prosentvise andel av driftsinntektene, får ein slik resultatgrad. (Korrigerer for avskrivningar)



Rente- og avdragstyngd

Rente og avdragstyngd syner kor stor del av brutto driftsresultat (korrigerer for avskrivningar) som vert nytta til dekking av renter og avdrag på lån.



Driftsrekneskap-Budsjett

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT

Tall i 1 kroner	Regnskap 2023	Regulert budsjett 2023	Regnskap 2022
Generelle driftsinntekter			
Rammetilskudd	-15 457 452	0	-8 999 013
Inntekts- og formuesskatt	-48 672 204	-37 189 000	-47 450 656
Eiendomsskatt	-60 266 265	-49 000 000	-48 835 821
Andre generelle driftsinntekter	-96 923 724	-83 358 000	88 541 391
Sum generelle driftsinntekter	-221 319 645	-169 547 000	-193 826 881
Netto driftsutgifter			
Sum bevilgninger drift, netto	136 640 720	145 435 845	144 926 122
Avskrivninger	26 209 634	20 637 000	25 989 901
Sum netto driftsutgifter	162 850 354	166 072 845	170 916 023
Brutto driftsresultat	-58 469 290	-3 474 155	-22 910 858
Finansinntekter/Finansutgifter			
Renteinntekter	-14 344 808	-2 747 000	-6 817 505
Utbytter	-11 353 864	-11 913 000	-5 537 398
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0
Renteutgifter	4 783 222	4 834 000	3 298 992
Avdrag på lån	9 335 101	9 998 000	7 476 015
Netto finansutgifter	-11 574 667	172 000	420 104
Motpost avskrivninger	-26 209 634	-20 637 000	-25 989 901
Netto driftsresultat	-96 253 592	-23 939 155	-48 480 655
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
Overføring til investering	47 040 399	103 650 000	23 325 781
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	20 810 020	-45 405 500	26 603 057
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	28 403 173	-34 305 345	-1 448 183
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	96 253 592	23 939 155	48 480 655
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).	0	0	0

Kommentarer til bevilgningsoversikten drift.

Generelle driftsinntekter:

Generelle driftsinntekter er kr 51,77 mill over budsjett.

Rammetilskott vart budsjettert med kr 0 på grunn av høgprisbidraget og varsla reduksjon i rammetilskott. Dette vart endra så rammetilskott vart kr 15,4 mill over budsjett etter inntektsutjamning. Inntekts- og formuesskatten er og over budsjett, kr 11,4 mill. Eigedomsskatten vart budsjettert med fjorårets tal da grunnlaget først kommer i desember. Også eigedomsskatt vart over budsjett, her med kr 11,2 mill.

Andre generelle driftsinntekter er også over budsjett, kr 13,5 mill. Inkludert i tala her er naturressursskatt, konsesjonsavgifter og andre overføringer frå staten.

Konsesjonsavgiftane vart kr 2,2 mill høgare enn budsjettert. Konsesjonsavgiftane vert avsett til næringsfondet. Statleg tilskott i samband med flyktningar var underbudsjettert. Differansen er på kr 10,3 mill. heller ikkje budsjettera.

Netto finansutgifter:

Renteinntekt netto er høgare enn budsjettert, og utgjer hoveddelen av budsjettavvik på netto finansutgifter på kr 11,5 mill. Rentenivået har endra seg gjennom året, og vi har ikkje brukt alle midlane som var budsjettert brukt. I tillegg har vi fått høge inntekter. Dette gjer at inneståande sum for renteberekning har vore høgare enn budsjettert.

Disponering av netto driftsresultat:

Det er brukt mindre enn budsjettert av næringsfondet i investeringsrekneskapen. Bruk av disposisjonsfond for overføring til investeringsrekneskapen er mindre enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at enkelte prosjekt ikkje vert gjennomført som planlagt. Totalt avvik på overføring til investeringsrekneskapen er på kr 56,6 mill.

Avsetning til bundne driftsfond er kr 10,4 mill over budsjett. Kr 4,6 mill skuldast meirinntekter i konsesjonsavgifter, og bereknede avsetning renter næringsfond. Det er innbetalt kr 5 mill til gangveg Harteavatn som er satt av til bundne driftsfond, som ikkje var budsjettera.

Sum bevilgningar drift, netto

Det er ein differanse mellom rekneskap og regulert budsjett på bevilgningar drift netto, der rekneskapen viser 8,8 mill kr mindre enn budsjett. Ved fordeling ser ein og på avsetning til og bruk av fond, og samla er det då mindreforbruk på kr 4,1 mill.

Sum bevilgninger drift netto, kr 136 640 720,- vert fordelt ut på einingane, slik:

Tall i 1 kroner	Regnskap 2023	Regulert budsjett 2023	Regnskap 2022
Fra bevilgningsoversikt:			
Til fordeling drift	136 640 720	145 435 845	141 279 734

Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet			
100	Enhet Kommunedirektøren	31 894 332	25 953 648	17 509 187
101	Enhet skatt,avgift,finansinntekt	-111 160 228	-103 100 000	-48 321 783
102	Enhet fond, interne overføringer	-13 328 983	0	2 591 970
103	Enhet Politisk styre,råd,utvalg	5 464 692	5 273 741	4 754 826
104	RM stab Personal	3 654 800	5 119 893	2 530 802
106	RM stab Næring	33 501 283	32 606 410	27 105 815
107	RM stab Plan	8 600 538	8 580 535	7 329 351
108	RM stab Kommunikasjon	8 741 761	11 360 708	7 063 561
110	Enhet Pleie- og omsorgsteneste	36 331 210	39 499 107	33 370 701
121	Helsetenesta i Bykle og Valle	17 464 801	14 089 212	15 490 364
130	Enhet Teknisk drift og eigedom	74 725 238	65 689 339	44 458 969
131	Selvkost inkl TDE	-15 411 118	-15 301 174	-19 052 695
150	Enhet Kultur og fritid	13 542 182	14 092 696	11 515 635
160	Enhet Bykle barne- og ungdomsskule	19 042 453	17 902 567	14 559 300
170	Enhet Barnehage	12 523 426	12 535 999	10 320 952
180	Enhet Fjellgardane skule	11 045 302	11 133 164	10 052 778
Netto for alle enheter		136 640 720	145 435 845	141 279 734

Oversikten viser tal før bruk av og avsetning til fond.

Eining 100-108 ligg alle under kommunedirektøren.

Eining 121 helsetenesta i Bykle og Valle, eining 13* teknisk drift og eigedom inkl sjølvkost og eining 160 Bykle skule har meirforbruk, medan dei andre einingane mindreforbruk i h t budsjett. Meir -eller mindreforbruk på eining 131 sjølvkost påverkar fondsavsetningar. Her vert mindreforbruk avsett til fond, og meirforbruk dekka av fond (evnt bokført mot memorakonti for seinare inndekking).

Ser ein på sum bevilgningar drift netto per eining og resultat per eining drift er det ikkje like tal per eining. Dette skuldast at under resultat per eining ligg til dømes bruk av og avsetning til fond som ikkje er inkludera i bevilgningar drift netto.

Forklaring budsjettavvik mot sum bevilgninger drift netto, per budsjettområde. Tal er henta frå rekneskapsoversikt bevilgningsoversikt drift etter bruk av og avsetning til fond.

Budsjettområde 100-108 Kommunedirektøren med stab kr 4 152 000 i mindreforbruk.

Eining 101 viser meirinntekter på skatt,avgifter og finansinntekter på kr 8 060 000. Konesjonskraft er kr 8 mill over budsjett.

Eining 102 viser meirinntekt på på kr 13 329 000. Dette skuldast premieavvik som blir å kostnadsføre neste år.

Avvik (uten 101 og 102) kr 17 237 000 i meirforbruk

Utbetaling av tidlegare løyvde næringstilskudd samt ubudsjetterte offentlege næringstilskudd gjev og differanse mellom rekneskap og budsjett. Tilskott gjeld både eining næring og plan (landbruk). Dette utgjør vel kr 7,5 mill. meir enn budsjettert.

Det har og vore meirforbruk på kr 4,8 mill som gjeld flyktningetenesta. Deler av dette vert dekkja av auka tilskott frå staten og bruk av disposisjonsfond.

Overforbruk på netto løn samla på eininga er kr 1,7 mill. Deler av midlane som er nytta til løn ligg budsjettert på kjøp av varer og tenester, mellom anna Brynjeprosjektet.

Meirforbruk på kjøp av varer og tenester er samla på kr 4,8 mill. I tillegg kommer merverdiavgiftskompensasjon (kr 5,5 mill) som i rekneskapet vert bokført som en kostnad, og som ein refusjon. Desse postane utlikner hverandre.

Meirinntekter vert nytta til å dekke meirkostnad. Meirinntekter på sakshandsamingsgebyr kr 2,3 mill og andre refusjonar utgjør kr 6,5 mill.

Eining kommunedirektør favner stabsfunksjoner inkludert nav, barnevern, ppt og spesialped. Fordeling av budsjett mellom einingane vert gjort av kommunedirektøren. Dette gjeld t.d. midlar til lælingar og sommarhjelp. Her finn ein og ekstraløyvingar i samband med løn- og pensjonskostnader. Driftstiltak løyvde i 2023 som ikke er nytta utgjør kr 2,6 mill. Dette gjeld prosjekt nærvær, teambuilding, ikt-kostnader samt lyd og data i komunestyresalen. Desse midlane vert framlagt overført for gjennomføring i 2024.

Budsjettområde kommunedirektøren har og budsjettert med løns- og pensjonsreservar. Desse vert nytta til å dekke opp meirforbruk i andre budsjettområde, som t.d. vår del av helsesamarbeidet. Mindreforbruk skuldast vakante stillingar og ramme til fordeling. Budsjettendring er ikkje vedteke, og differansen framkommer derfor per budsjettområde.

Budsjettområde 110 Pleie og hjelpetenesta, Avvik kr 3 167 000 mindreforbruk

Lønskostnader ligg over budsjett. Det er høgare pensjonskostader enn budsjettert. Deler av dette er dekkja inn via overføringar frå budsjettområde kommunedirektør. I tillegg er det berekna høgare refusjon frå staten enn budsjettert. Dette gjeld refusjon habilitering.

Budsjettområde 121 Helsesamarbeidet Bykle og Valle, Avvik kr 1 504 000 meirforbruk

Avviket på kr 1,5 mill er Bykle sin del. Refusjon frå Valle for meirforbruk er ivareteke. Også for helsetenesta er det lønskostnad som ligg over budsjett.

Budsjettområde 130-131, Teknisk drift og eigedom, Avvik kr 1 562 000 meirforbruk

Ein del av meirforbruk på eining 130 vert dekkja av meirinntekter på eining 131. Dette gjeld dei kostnadane som direkte kan knyttast til sjølvkostområdet, som til dømes løn. Meirforbruket på teknisk drift og eigedom skuldast i hovudsak auka kostnader til straum og materiell til vedlikehald. Mindreforbruk innforbi sjølvkostområdet vert avsett til fond, og meirforbruk vert dekkja av evt fond.

Budsjettområde 150, Kultur og Fritid, Avvik kr 550 000 mindreforbruk

Mindreforbruk skuldast driftsløyvingar for 2023 som ikkje er gjennomført. Desse tiltaka vert eventuelt overført til 2024. Samla gjeld dette kr 600 000.

Budsjettområde 160 Bykle barne- og ungdomsskule, Avvik kr 799 000 meirforbruk

Meirforbruket er dekkja inn ved inntekter frå andre kommuner. Inntektane er ført under kommunedirektøren (spes.ped) og meirforbruket er dermed dekkja inn.

Budsjettområde 170 Barnehage, Avvik kr 26 000 mindreforbruk.

Forbruk er i henhold til budsjett.

Budsjettområde 180 Fjellgardane skule, Avvik kr 88 000 mindreforbruk.

Forbruk er i henhold til budsjett.

Investeringsrekneskapen – Budsjett

Bevilgningsoversikt

Tall i 1 kroner	Regnskap 2023	Regulert budsjett 2023	Regnskap 2022
Investeringsutgifter			
Investeringer i varige driftsmidler	51 439 389	107 687 500	28 039 122
Tilskudd til andres investeringer	606 639	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	580 730	600 000	519 407
Utlån av egne midler	0	1 000 000	0
Avdrag på lån	0	0	0
Sum investeringsutgifter	52 626 758	109 287 500	28 558 529
Investeringsinntekter			
Kompensasjon for merverdiavgift	-1 708 400	-4 637 500	-1 092 864
Tilskudd fra andre	-200 000	0	-2 614 861
Salg av varige driftsmidler	-2 654 278	0	-4 178 211
Salg av finansielle anleggsmidler	-1 000	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-1 349 992	-250 000	-1 349 995
Bruk av lån	0	0	0
Sum investeringsinntekter	-5 913 670	-4 887 500	-9 235 931
Videreutlån			
Videreutlån	0	0	5 764 197
Bruk av lån til videreutlån	0	-1 000 000	-5 764 197
Avdrag på lån til videreutlån	642 923	250 000	474 380
Mottatte avdrag på videreutlån	-315 613	0	-271 197
Netto utgifter videreutlån	327 310	-750 000	203 183
Overføring fra drift og netto avsetninger			
Overføring fra drift	-47 040 399	-103 650 000	-23 325 781
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	0	3 800 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-47 040 399	-103 650 000	-19 525 781
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	0	0	0

Det var opprinneleg budsjettert med investeringar i varige driftsmidler med kr 102,4 mill. Revidert budsjett var på kr 107,6 mill. Rekneskapan viser kr 51,4 mill, altså en differanse på kr 56,2 mill. mot revidert budsjett. Denne differansen skuldast at planlagde prosjekt ikkje er gjennomført eller ferdigstilt.

Lager Hovden, ladestasjon kommunale bygg, parkering Hegni, undergang skiløype, oppgradering Tykkås, trafikksikring, Hovden aktivitetspark og garage er tiltak som ikkje er igangsatt. Vurdering om videreføring vert gjort ved budsjettrevisjon i 2024.

I tillegg er Hovden vassverk og bustad leige for eige ikkje ferdigstilt.


Tilskudd til andres investeringar gjeld bokført tap. Investeringar i aksjer gjeld eigenkapitaltilskott KLP. Budsjett er eit anslag, medan reelt beløp først kommer i løpet av året. Utlån og avdrag på lån gjeld husbankmidlar for vidareutlån.

Mvakompensasjon vert inntektsført i investeringsrekneskapan og nytta til finansiering av dei same prosjekt der kostnaden er bokført. Mindreforbruk investeringar gjev med det mindre mvakompensasjon.

Sal av driftsmidler var ikkje budsjettert, og gjev eit avvik på kr 2,6 mill.

Tilskott frå andre til investeringsprosjekt var ikkje budsjettert, og utgjer kr 0,2 mill.

Mindre investeringar gjer at det er trong for mindre overføringar frå drift til finansiering.



Fordelt på dei enkelte prosjekt:

Tall i 1 kroner		Regnskap 2023	Regulert budsjett 2023	Regnskap 2022
Fra bevilgningsoversikt:				
Netto investeringer til fordeling:		52 626 758	109 287 500	28 558 529
Prosjekt	Fordeling på prosjekt			
210	Utlån - investeringsregnskap	0	1 000 000	0
2202	Dagsturhytte	0	0	1 267 174
2203	Næringsareal Tykkås	0	0	0
2204	Lager Hovden	0	6 250 000	50 214
2205	Ladestasjon komm.bygg	0	500 000	104 438
2206	Parkering vei Hegni	0	3 750 000	0
2208	Undergang skiløype	0	6 250 000	0
2209	Undergang hotellkrysset	1 519 200	0	0
2210	Komm bustad	20 723 019	17 600 000	0
2212	tykkås oppgrad	0	400 000	0
2230	Etabl Vaskeri	1 684 494	2 750 000	0
2304	Leie for eie ,oppstart 2023	5 250 000	34 000 000	0
2309	Flomtiltak	0	200 000	0
2312	Avtrekk naturfagrom	159 710	0	0
2313	ERP	844 569	0	0
2314	Kontor Hovden grendehus	164 081	0	0
240	ramme / tiltak felles på dette ansvar	1 339 029	600 000	630 558
249	Utbyggingsavtaler	666 326	625 000	0
416	Utskifting utstyr	1 074 079	625 000	1 020 748
448	Habilitering Hovden	0	0	1 207 618
450	Flyktninger	0	0	-17 515
502	Hovdenuten-prosj	0	4 275 000	1 432 704
555	Hovedplan VA	3 160	3 500 000	387 118
5561	VA Ny PSP Otros-Hegni	33 420	0	1 467 804
5562	Va rehab nedre Sarv	5 222 154	0	93 586
5563	VA Ny VL Fjellg barnehage	0	0	1 736 759
565	VA Hartevatn industriområde	62 314	0	0
581	Nye avfallsboder	0	600 000	0
591	Hovden vannverk	7 464 702	16 800 000	18 246 229
641	Leikeplasser	1 462 329	1 250 000	0
6509	Ungdomsarrangement	0	0	307 875
673	Hovden aktivitetspark (idrettsbanen)	0	1 437 500	0
773	Trafikksikring	0	2 500 000	605 704
927	Hovdenut sti og dagsturhytte	4 954 173	0	0
941	Sarvsdammen	0	625 000	0
942	Garage	0	3 750 000	0
Sum fordelt		52 626 758	109 287 500	28 558 529

Prosjekt lager Hovden med budsjett kr 6 250 000, ladestasjon kommunale bygg kr 500 000, parkering Hegni kr 3 750 000, undergang skiløype kr 6 250 000, oppgradering Tykkås kr 400 000, trafikksikring kr 2 500 000, Hovden aktivitetspark kr 1 437 500 og garage kr 3 750 000 er tiltak som ikkje er igangsatt.

Løyving er gitt, men kapasitet på gjennomføring og kostnadsoverskridelse på tilbud har gjort at prosjekta vert vurdere på nytt ved budsjettrevisjon 2024.

Undergang skiløype er utsatt på grunn av at RV9-utbygginga ikkje dekkar området for undergangen i 2023.

Budsjett på pro 502 Hovdenuten gjelder kostnader som ligger på prosjekt 927 Hovdenut sti og dagsturhytte. Prosjekt Hovdenut vart vidareført fra 2022 med etablering av hytte i 2023. Her vert det og ferdigstilling i 2024.

Hovden vassverk har vore det største prosjektet i 2022 og 2023. Framdriften vart noko endra i forhold til opprinneleg budsjett, og ferdigstilles i 2024.


Kommunale bustader, både egne leiligheter og leige før egne, har vore store prosjekt. Bygging av desse har vore styrt via Bykle og Hovden Vekst på oppdrag frå kommunen.

Undergang hotellkrysset gjelder omlegging vann og avløp i samband med bygging rundkjøring. Prosjekt rundkjøring ligg i driftsrekneskapen.

Dei tiltaka som er gjennomført i løpet av året, og der det ikkje er egne budsjett, vert dekket av overføring frå drift, mindreforbruk andre prosjekt i investeringsrekneskapen. Dei prosjekt som ikkje er igangsatt /ferdige vert føreslege overført til 2023.

Resultat 2023

Samla sett for kommunen har vi følgjande avvik frå budsjett:



Netto lønnsutgifter er rett over budsjett. Inkludert i talet er positivt premieavvik bokført med kr 13 mill. Pensjonskostnader og introduksjonsstønad er over budsjett med kr 12,5 mill. Disse to postane utliknar kvarandre. Netto lønsutgifter ligg då på budajett. Kjøp av varer og tenester (eigne og ekstern produserte tenester) ligg kr 15,9 mill. over budsjett.

Inkludert i tala er vedlikehald, juridisk og teknisk bistand, serviceavtaler, byggtjenester og kjøp frå andre kommuner og foretak.

Vakante stillingar har gjort det naudsynt med kjøp av tenester, det har vore en generell auke i pris, noko som gjev overforbruk. Til dømes er overforbruk på straum kr 4,3 mill kr.

Overføringa, kr 29,9 mill over budsjett skuldast i hovudsak to områder, merverdiavgiftskompensasjon og næringstilskott. Kostnadene på mvakompensasjon har ein motpost på inntekter, under refusjoner. Mva.kompensasjon utger 13,3 mill. I tillegg kommer utbetaling av løyvde næringstilskott inn her. Desse utgjer kr 15,8 mill. over budsjett.

Finansutgifter er under budsjett med kr 41,2 mill. Overføring til investeringsrekneskapen er kr 56,6 mill. mindre enn budsjettet, og avsetning til fond er kr 10,4 mill. større enn budsjettet. Mindreforbruk i investeringsrekneskapen gjer at ein overfører kun til dei tiltaka det er naudsynt å finansiere. Avsetningen til fond gjelder konsesjonsavgifter og renter på næringsfond, samt inbetalt tilskott til gangveg langs Hartevatn kr 5 mill.

Sals- og leigeinntekter er kr 8,7 mill. over budsjett. Tilkoblingsavgifter og kommunale avgifter som inngår i sjølvkostrekneskapen utgjer kr 3,6 mill. Meirinntekter vert då enten nytta til dekning av tidlegare meirforbruk, eller vert avsett til fond.

Sakshandsamingsgebyr og brukarbetalingar er kr 3,3 mill. over budsjett, medan andre avgiftspliktig sal av varer og tenester utgjer kr 1 mill over budsjett. Husleieinntekt er kr 0,8 mill over budsjett.

Refusjon ekskl sjukepengar er kr 24,3 mill over budsjett. Mva.kompensasjon som også er utgiftsført under overføringar utgjer kr 13,3 mill. Refusjon frå staten er på kr 7 mill over budsjett som mellom anna gjeld refusjon habilitering som var lågt budsjettet. Refusjon fra andre kommunar kr 2,9 mill. der auka refusjon på grunn av meirforbruk i helsetenesta er medrekna

Overføringar er kr 64,3 mill over budsjett. Dette gjeld skatt og avgift. Rammetilskott som enda på kr 15,4 mill var ikkje budsjettera. Integreringstilskott flyktningar er kr 10,3 mill over budsjett. I tillegg er det skatteinntekt er på inntekt og formue (kr 11,4 mill), eigedomsskatt (kr 11,2 mill) , konsesjonsavgifter(kr 2,8 mill) og sal konsesjonskraft (kr 8 mill) som utgjer differansen.

Finansinntekter er kr 92,5 mill mindre enn budsjett. Dette skuldast at bruk av fond er lågare enn budsjettet på grunn av lågare aktivitet og overføringer til

investeringsrekneskapen. Mindreoverføring til investeringsrekneskapen for ikkje gjennomførte tiltak er på kr 56,2 mill. Høgare renteinntekter på grunn av høgare rente og mindreforbruk midlar ligg på kr 10,4 mill over budsjett. Mindreforbruk i drift gjev og mindre fondsbruk. Tiltak som ikkje er gjennomført er på kr 3,2 mill. Generelle meirinntekter gjer og at fondsbruk vert lågare enn budsjettert.

Næringsfondet

Næringsfondet har en bunden grunnkapital på kr 20 900 000.

Saldo per 01.01.2023 var på kr 97 656 000. Årets tilførsel består av årets innbetalte konsesjonsavgifter tillagt renter, sum kr 41 755 000. Det er kr 2 241 000 over budsjetterte inntekter.

Bruk av næringsfond i 2023 er på kr 5 480 000 som er brukt til næringstilskott.

Bruk av næringsfond er under budsjett. For overføringar til investeringsrekneskapet skuldast dette at budsjetterte prosjekt ikkje har framdrift som budsjettert.

Mindreforbruk næringsfond til investering utgjør kr 21 556 000.

Næringsfondet har per 31.12.2023 ein saldo på kr 113 031 000 i tillegg til bunden grunnkapital. Desse midlane vert i hovudsak å nytte til dekning egne investeringar.

Avsetning til fond

Konto	Konto(T)	Beløp
15506	Avsetning til bundne driftsfond, delegert	248 990,00
3611	Kloakkrenseanlegg	248 990,00
15506	Avsetning til bundne driftsfond, delegert	583 114,00
5310	Oppmåling	583 114,00
15501	Avsetning til næringsfondet (renter)	2 494 000,00
9120	Renter-utbytte-avdrag	2 494 000,00
15401	Avsetning til disposisjonsfond til drift	445 500,00
15404	Avsetning til driftsreguleringsfond	29 544 655,00
9140	Disposisjonsfond	29 990 155,00
15500	Avsetning til næringsfondet	39 261 181,00
15506	Avsetning til bundne driftsfond, delegert	6 359,50
9143	Bundne driftsfond	39 267 540,50
1	Drift	72 583 799,50
		72 583 799,50
15506	Avsetning til bundne driftsfond, delegert	5 000 000,00
5102	Reiseliv,turisme,næring	5 000 000,00
1	Drift	5 000 000,00
770	Regulering rundkjøring	5 000 000,00
		77 583 799,50

Bruk av fond

Konto	Konto(T)	Beløp
19506	Bruk av bundne driftsfond delegert	-1 500 000,00
3301	Legetenesta	-1 500 000,00
19505	Bruk av bundne driftsfond (statstilskudd)	-371 153,00
3330	Helsesøster-helsestasjon	-371 153,00
19506	Bruk av bundne driftsfond delegert	-1 718 372,00
3601	Vassverk	-1 718 372 ,00
19506	Bruk av bundne driftsfond delegert	-3 282 444,00
3611	Kloakkrenseanlegg	-3 282 444,00
19500	Bruk av næringsfondet	-5 479 836,20
9143	Bundne driftsfond	-5 479 836,20
19506	Bruk av bundne driftsfond delegert	-14 420 000,00
3631	Kommunale vegar	-14 420 000,00
2209	Undergang hotellkrysset	-14 420 000,00
19506	Bruk av bundne driftsfond delegert	-7 273,85
3210	Bykle barnehage	-7 273,85
19506	Bruk av bundne driftsfond delegert	-4 546,15
3220	Fjellgardane barnehage	-4 546,15
272	Sømjeopplæring	-11 820,00
19403	Bruk av driftsreguleringsfondet	-537 000,00
3405	Bykle helsesenter, bygg	-537 000,00
4003	BHO-Somatisk avd	-537 000,00
19401	Bruk av disposisjonsfond, drift	-79 982,00
5155	Fiske, jakt viltstell	-79 982,00
609	"Viltfond"	-79 982,00
		-27 400 607,20



Anna informasjon

Årsmelding frå stab og tenesteeiningar

Eining 10* Sentraladministrasjonen/ Kommunedirektørens stab

Lokalsamfunn og utvikling: Rekruttering av yrkesgrupper kan til tider vere krevjande. Det er kamp om kompetansen og vi må kunne skilte med godar av ulike slag for å får personar til å søkje på dei ledige stillingane. Løn er eit av dei godane. I kommunal samanheng er vi konkurransedyktige på løn, men det er vanskeleg å matche det private næringslivet. Bykle kommune har gode velferds- og forsikringsordningar for tilsette.

Kompetanse og personalutvikling : Avdelingane har eigne fagmøter. Det er også fagmøter på tvers av avdelingane, som til dømes planforum. Dei tilsette har i gjennom året vore på ulike kurs for å halde seg fagleg oppdatert innafor sitt fagområde.

Interne prosessar: Medarbeidarsamtalane syner at arbeidstakarane i stor grad trivast og at arbeidsmiljøet stort sett blir opplevd som godt.

Økonomi: Eininga totalt har gode rammer. Den interne arbeidsfordelinga er ikkje heilt avklara enda, slik at i nokre tilfelle ligg budsjettposten på ein stabspost, medan arbeidet utførast på ein annan stabspost. Av den grunn ser ein på økonomien samla for kommunedirektøren sin stab.

Kommunikasjonsavdelinga har 4 tilsette (3,6 årsverk) og har ansvar for arkiv, post, politisk sekretariat, beredskap, val, sentralbord, kommunikasjon internt og eksternt og saksbehandling innafor ei rekke områder. Kommunikasjonsavdelinga er limet på rådhuset og har eit spesielt ansvar i å betene kommunens innbyggjarar/besøkande og vere støttespelarar for intern drift og utføre forfallande arbeid. Med limet på rådhuset meiner vi at alle besøkande som kjem til rådhuset, skal vende seg til resepsjonen. Her skal dei få hjelp og rettleiing, alt etter behov. Avdelinga har samla sett god oversikt over kommunen som organisasjon og særleg god innsikt i enkelte fagområde. Det er medarbeidarane sin kunnskap, ferdigheiter, evner og haldningar som utgjer kompetansen i avdelinga.

Slagord: Serviceorienterte

Mål: Vere eit naturleg fyrsteval når ein ynskjer kontakt med Bykle kommune. Alle spørsmål til kommunikasjonsavdelinga skal hjelpe til at Bykle kommune får eit godt omdøme fordi dei blir handterte profesjonelt. Publikum skal nå kommunen på telefon med svartid under 30 sekund for 80 % av tilfella.

Publikum skal kunne kommunisere med kommunen via e-post og få svar innan 3 dagar (berre enkle meldingar - ikkje sakshandsaming) Vi skal hjelpe til å levere tenester og spisskompetanse innan områda: informasjon, service, sjølvbetjening og digital kommunikasjon, sakshandsaming.

Hovudoppgåver som er gjennomført i 2023 har vore prosjekt med nye heimesider og utvikling av elements (sak/arkiv)

Personalavdelinga har 3 tilsette (3 årsverk) og har ansvar for lønnsutbetalingar (for egne tilsette og tilsette i soknerådet), sakshandsaming og rådgjeving innan personalområdet, lov- og avtaleverk, rapporteringar til andre offentlege etatar (t.d. pensjon, AA-register, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, fråvær) avstemming mot rekneskap, refusjonar, tilsetjingar, utarbeiding av ulike retningsliner og reglement, pensjon og forsikringar, oppfølging av lærlingar, revisjon av personal og - HMT – handbok, førebu og skrive saker til AMU og Administrasjonsutval, GDPR og legge inn rutinar i Compilo ,deltaking i endringsprosessar, vernearbeid, lokale lønsforhandlingar, AMU, kontakt med hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

Slagord: Løysningsorienterte

Mål: Bidra til at dei andre sektorane når sine mål gjennom dagleg å levere tenester og spisskompetanse innan områda:

Leiing og oppfølging, kompetanseutvikling, rekruttering, lønnspolitikk og belønningssystem, arbeidsgjevarpolitikk, HMT-tiltak og sjukefråværsarbeid, lover og reglar innan fagområdet. Leie den personalmessige prosessen rundt omplassering og ved aktuelle nedbemanningar. Organisasjonsutvikling og organisasjonskultur, bistå ved konflikter og arbeid med psykososialt arbeidsmiljø, relasjonane til dei

tilsette og deira organisasjonar som omfattar gjennomføring av alle naudsynte drøftingar og forhandlingar av overordna karakter. Likestilling og mangfald, arbeidsplassvurderingar, rett lønn til rett tid.

Hovudoppgåver som er gjennomført i 2023 har vore prosjekt ERP. Innføring og implementering av nye lønns og personalsystem.

Planavdelinga

Planutvalet er politisk hovudutval som handsamar prinsipielle saker innan fagområda/lovene:

- Arealforvaltning
- Vassdrags- og utmarkssaker
- Plan- og byggjesaker.
- Kart og oppmåling.
- Landbrukssaker (t.d. jordlov, skoglov, konsesjonslov, beitelov, og odelslov).
- Vilt og innlandsfiskesaker (t.d. viltlov, laks og innlandsfiskelov, forpaktingslov osv.)
- Miljø og naturvern. (t.d. forureiningslova, naturmangfaldslov, friluftsløva osv.)
- Eigedomsforvaltning og matrikulering
- Motorferdsel i utmark.
- Veglova
- Andre saker som naturleg fell innanfor utvalet sitt ansvarsområde

Planutvalet hadde i 2023

- Delegerte saker; 480
- Politiske saker; 163
- Referatsaker; 59

Planavdelinga har mykje særlovsforvaltning. Desse har gjerne fristar på sakshandsaming og har prioritet. Også i 2023 har det vore høgt fråvær i avdelinga, som medførte behov for kjøpe tenester eksternt for å halde naudsynt kapasitet/kompetanse til oppgåveutføringa. Tenestekjøp er basert på lokal rammeavtale /offentleg anskaffingar. Tenestekjøpet er effektivt i høve kvalitet og kapasitet til oppgåveutføring – men kostnadsdrivande samanlikna med faste stillingar. Basert på lovfesta fristar til sakshandsaming har ein eit overforbruk i høve driftsramme/ budsjett. Ved utlysingar opplev ein utfordring med å rekruttere kompetanse med røynsle til våre fagområde. Vi var likevel heldige og fekk ein ny byggjesakshandsamar til vakant stilling, etter ein som gjekk av med pensjon.

I 2023;

- 139 søknadar om byggjetiltak, dispensasjonar og endring av grunneigedomar.
- Det vart gjennomført 48 tilsyn innafor byggesaksfeltet.
- 9 reguleringsplanar vart vedteke. Det var 3 innseiingar til planar på høyring. Det kom 15 klager på planar, 2 blei tatt til følgje. Statsforvaltaren opprettheld kommunen sine vedtak i alle som vart oversendt.
- Det var 130 rekvisisjonar om oppmålingsforretningar, 3 seksjoneringsaker.

Byggesak	2023	(2022)
• Bustader	5	(1)
• Hytter m/1 bueining	20	(66)
• Hytter m/2 bueininga	3	(8)
• Tilbygg	16	(12)
• Driftsbygningar	2	(3)
• Leilegheiter	14	(0)
• Næringsbygg	0	(0)

I 2023 har vi arbeidd mykje med utbyggingsavtaler og løypeavtaler.

Avdelinga har medverka til og koordinert ulike arrangement; påskemøte, Villrein og viking, folkevaldprogram, temadagar og arbeidsverkstader i samband med arbeid med ny samfunnsdel av kommuneplan. Det har og vore prioritert prosjektdeltaking og sakshandsaming for nye hyblar for Hovden skigymnas, samarbeid med ulike einingar for utvikling av leilegheitsbygg i Rørvikåsen, medverknad til dagsturhytta i Bykle på Jarekodden og oppfølging/ finansiering Sherpastien vart slutført og det vart byggestart for dagsturhytta på Hovdenuten.

I tillegg har vi arbeidd mykje med, RV 9 – detaljregulering Byklestøylane- Hartevatn i regi og samarbeid med Statens Vegvesen og mindre tilrettelegging for massetak, arbeid med sideterreng langs vegen, plan for Tykkås næringsområde og ulike planarbeid relatert til næringsverksemdar og avklaring av lokalisering/ arealbruk, og ikkje minst ein brei medverknadsprosess for utvikling av Hegni

Andre planar som vart vedteke; ny rundkøyring i krysset Skisentervegen / RV9,. Andre viktige planendringar; Hovden badeland. Fleire store private reguleringsplanar vart og handsama og kom til vedtak i 2023; som Hovden sentrum vest, Øvre Hovden alpin lodge, Vestheisen hyttefelt, Vidsyn III, Kotetjønn og Langehaugen, Hovden høvfjellsenter, reguleringsendringar i samband med leilegheitsbygg i Rørvikåsen.

I 2023 har vi og hatt gleda av å vere vertsskap for feltkurs i regional planlegging ved Norges miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU). Det vart arbeidd ut fleire aktuelle oppgåver relatert til tema for samfunnsplanlegging som ein vil nytte seg framover. Det er og etablert samarbeid der NMBU ser på ulike prosjekt og tema for masteroppgåver og tverrfagleg forskingsarbeid relatert til Bykle.

Både Agder fylkeskommune og Distriktssenteret har bistått oss med fagleg nettverksarbeid og rettleiing.

Økonomiavdelinga har 3 tilsette, og yter i størst grad tenester internt i organisasjonen. Elles dekkjer økonomiavdeling områda fakturering, innfordring, rekneskap, økonomiforvaltning og budsjett. Avdelinga utfører også tenester for Bykle sokneråd og Setesdal IKT (under avvikling). Avdelinga er og eigedomsskattekontor.

Arbeidet i siste halvdel av 2023 har i stor grad gått til tilrettelegging for overgang til nytt økonomisystem.

Næringsavdelinga har to tilsette og følgjer opp samarbeids- og utviklingsarbeidet i forhold til næringslivet.

Ambisjon: Bykle sitt næringsliv utviklast i hovudsak av verksemdene sjølv, mens kommunen skal stimulere og leggja til rette for næringsutvikling og vekst via politisk og administrativt arbeid. Bykle kommune skal være ein næringsoffensiv kommune som i samarbeid med næringsliv, utdanningsinstitusjonar og andre aktuelle aktørar legg forholda til rette for eit innovativ og framtidretta nærings- og arbeidsliv.

Hovudmål: Ein skal ha eit langsiktig perspektiv på utvikling og forvaltning av kommunen sine ressursar.

Pedagogisk- Psykologisk Teneste:

Beskriving av tenesteområde

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune. PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld spesialundervisning. PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §5 og Barnehagelova § 31, og tilrå bruk av spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp der det er naudsynt.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling og systemarbeid på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgjeving, kurs, oppfølging av klasseleiing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT arbeider også førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp og oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord)

Stillingsheimlar ,PPT har totalt 2,3 stillingsheimlar til disposisjon:

- Leiar /PP-Rådgivar: 100% fagstilling (30% til leiing av kontoret)
- PP-Rådgivar: 100% fagstilling som PP-Rådgivar
- Merkantil: 20% stilling: Scanning, arkivarbeid, oppfølging av fagsystem

Talet på saker / brukarar PPT arbeider med kvart år:

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Bygland	31	34	33	26	30	30	30	34
Valle	41	38	37	34	34	28	33	29
Bykle	27	16	14	25	19	29	29	27
Sum	99	88	84	85	83	87	92	90

Talet på nye saker / brukarar årleg:

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Bygland	11	11	12	1	10	8	4	9
Valle	8	10	12	10	8	6	8	7
Bykle	7	2	3	9	5	7	9	6
Sum	26	23	27	20	23	21	21	22

Tal på brukarar fordelt på alder (samla for dei 3 kommunene):

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Barnehage	17	13	6	4	7	11	12	10
Barneskule	48	46	56	56	51	50	53	49
U-skule	29	25	17	21	20	21	25	29
Vaksen	5	4	5	4	5	5	2	2
Sum	99	88	84	85	83	87	92	90

Utvikling

1. Utvikling: Talet på brukarar og vanskeområde:

Stabil utvikling for 2023 med tanke på talet på brukarar totalt sett og nye tilviste brukarar. Bygland med ein svak auke, ein svak nedgang for dei 2 andre kommunane.

Utvikling når det gjeld vanskeområde:

Vanske	2022	2023
Sosiale / emosjonelle (samhandling, konsentrasjon, uro, åtferd, angst og vegring)	26	20
Lese- og skrivevanskar	22	20
Språk	14	11
Andre fagvanskar (matematikk / engelsk)	9	7
Samansette vanskar	12	24
Syn / hørsel	2	2
Utviklingshemming	5	5
Anna (t.d. tidleg / utsett skulestart)	2	1
Sum:	92	90

Vi legg merke til at det har vore ein betydeleg auke i talet på samansette vanskar frå 2022 til 2023. Samansette vanskar er, som namnet seier, sett saman av to eller fleire vanskeområde. Oftast handlar dette om ein kombinasjon av sosiale / emosjonelle vanskar og fagvanskar / lese- og skrivevanskar. Samansette vanskar er gjerne meir krevjande når eit barn strever på fleire område.

2. Samarbeid med 2. og 3. linjetenestene: Abup, Habu og Stat-Ped:

2-linje-tenestene er viktige samarbeidspartar med PPT. PPT er i stor grad med og utarbeider tilvising av mange born kvart år til vidare utgreiing ved Abup (Avdeling for Barne- og Ungdoms psykiatri) og Habu (Habilitering for barn og ungdom). Fleire av våre brukarar har vore i kontakt med Abup / Habu og har fått ein diagnose som gjerne blir følgd opp lokalt eller i samarbeid med 2. linjetenesta. Det er også tilvist mange nye brukarar til Abup og Habu dette året:

Talet på brukarar i Abup / Habu fordelt på kommunane for 2023:

Kommune	Talet på barn med oppfølging i Abup/ Habu	Ventar på utgreiing ved Abup / Habu	Sum
Bykle	3	3	6
Valle	5	3	8
Bygland	11	4	15
Sum	19	10	29

Vi ser at det for tida er mange brukarar i Bygland kommune som er / har vore i kontakt med Abup / Habu. Det er også mange tilviste brukarar som ventar på ei utgreiing til Abup / Habu totalt sett på dei 3 kommunane dette året. Dette er ofte krevjande saker som PPT arbeider mykje med.

Når det gjeld Stat-Ped, hadde PPT samarbeid omkring ei sak i 2023. I tillegg hadde PPT opplæring gjennom Stat-Ped for å bli kvalifisert til å nytte seg av Refleksjonsverktøyet, eit reiskap som skular og barnehagar kan nytte i arbeidet med å bli endå meir inkluderande i sitt arbeid. Dette vart gjennomført på Bykle skule og Fjellgardane barnehage våren -23. Det er tenkt at dette skal gjennomførast på samtlege skular / barnehagar over tid.

3. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis:

Det er 2 ulike satsingar i dei 3 Setesdalskommunane. Valle og Bykle kommune er saman om ei felles satsing, medan Bygland har gått saman med Evje og Hornnes og Åseral. Kompetanseløftet er også ein del av DeKomp og ReKomp (Desentralisert ordning for skular og barnehagar). PPT deltek i arbeidsgruppa i Valle og Bykle.

I Valle og Bykle arbeider ein med inkluderande praksis (bl.a. gjennom Refleksjonsverktøyet), SAMM-modellen (systematisk arbeid med motivasjon, større medverknad og auka grad av sjølvregulering). Ein samarbeider her med UIA

I Bygland arbeider ein for å bli ein "Dysleksivenleg skule" i samarbeid med Dysleksi Norge: Systematisk kartlegging og oppfølging av alle elevar som strever med lesing / skriving / matematikk og språk.

Utfordringar

For 2023 har ein hatt følgjande utfordringar.

- Det har vore ein auke i talet på saker som ikkje har vore ferdig handsama (skreve sakkunnig vurdering) innafor 3 mnd. (frå 7 saker i 2022 til 9 saker i 2023).

Det er eit mål at alle saker skal bli avslutta med ei sakkunnig vurdering innan 3 mnd. frå ein startar opp saka.

- Ein har ikkje fått gjennomført samlingar i eit spes.ped nettverk for kommunane dette året.
- Det er mange krevjande saker, samtidig som det er store satsingar på samarbeid og ulike løft på fleire område: Kompetanseløftet, Læringsmiljøprosjektet (Bykle kommune), Oppvekstreforma , Agder-modellen, i tillegg til viktige lokale samarbeid i den ein skilde kommune.
- Det har vore permisjon for leiar 20% halvdelen av året, noko som også reduserer kapasiteten

Utvalde resultat

1. PPT for Setesdal har som mål å jobbe mot god kvalitet i det sakkunnige arbeidet.

I dette ligg også at andel med spesialundervisning for dei 3 kommunane ikkje skal liggje høgare enn landsgjennomsnittet over tid (målsetting).

Dette er noko PPT må jobbe saman med skulane for å få til, gjennom å gjere den ordinære undervisninga så god og tilpassa som råd er, og i det redusere behov for spesialundervisning. Kostra-tala for 2023 er ikkje klare enno, men tala for 2022 viser ein betydeleg oppgang for Bykle sin del (til 14,9%), og ligg ein del høgare enn landsgjennomsnittet. For ein liten kommune kan det vere svingingar frå år til år, men ein bør følgje med på utviklinga. For Bygland og Valle er det mindre variasjonar:

Kommune	Bygland	Valle	Bykle	(Aust)- Agder	Kostra-gr. 06	Landet u/Oslo
Årstal						
2011	10,9	13,0	15,6	10,8	12,4	8,6
2012	8,2	15,3	15,6	10,5	11,6	8,6
2013	7,3	9,0	8,5	9,0	10,7	8,4
2014	9,0	8,4	9,3	8,9	10,4	8,1
2015	7,9	5,9	8,7	9,2	10,4	7,9
2016	5,7	5,3	10,1	9,1	10,3	7,8
2017	6,0	9,1	9,4	9,2	10,1	7,9
2018	8,1	8,3	8,2	9,1	10,1	7,9
2019	8,1	6,2	9,0	9,1	10,0	7,9
2020	9,1	9,3	10,9	7,3	9,6	7,8
2021	8,8	7,1	8,3	8,3	10,1	7,8
2022	10,0	6,2	14,9	9,3	10,5	7,9

2. PPT skal vere med å styrke det spesialpedagogiske feltet og gje rettleiing og kompetanseutvikling til skular og barnehagar.

- PPT har som mål å drive spesialpedagogisk nettverk for kommunane. Dette har vi ikke fått til i 2023 (stor saksmengde og mange krevjande saker, permisjon 20%).
- PPT har vore med å gjeve rettleiing på område som gjeld læringsmiljø / skulemiljø og klasseleiing i samband med einskildsaker som er tilmeldt.
- PPT har delteke på tverretatlege team, miljøteam og ressursteam i kommunane for drøfting av både einskildsaker og tema knytta til utfordringar for barn og unge i Setesdal.

Status tiltak og resultatoppnåing

Utfordring: Gjennomføre sakkunnig vurdering innanfor 3 mnd.

Ein har dette året sett ein auke i saker som har tatt lengre tid å handsame. Dette meiner PPT har med den totale arbeidsmengda på fleire område dette året. PPT arbeider med følgjande tiltak for å lette arbeidsmengda:

- Saker skal alltid diskuterast med PPT før ei eventuell tilmelding. Nokre gonger kan skule / barnehage gjennomføre og prøve ut fleire tiltak før ei tilvising.
- Skulane bør ha kompetanse på Logos (sertifisering) som gjer at skulane i større grad kan gjennomføre utgreiing av fleire av sakene som gjeld lese- og skrivevanskar. Dette gjer at ein kan redusere talet på tilmeldingar, men der PPT er med i rådgjeving og oppfølging av saka.

Utfordring: Redusere talet på elevar med spesialundervisning

Særleg for Bykle har det vore ei auke i talet på elevar med spesialundervisning for 2022. Det er sett i gang tiltak der PPT er deltakarar for å betre den tilpassa undervisninga, bl.a. med:

- Samling med rektorar / styrar / skulefagleg rådgjevar i Bykle kommune med tema: "Tilpassa opplæring"
- Kompetanseløftet (tilpassa opplæring / undervisning er del av prosjektet)
- Læringsmiljøprosjektet

Utfordring: Gjennomføre tiltak for kompetanseheving i tenesta

Kompetanse og oppdatert kunnskap er svært sentralt i PPT sitt arbeid. PPT har derfor arbeidd med ein Kompetanseplan for 2023 og fram til 2027, ein plan som er godkjent av kommunane. Her har vi sett opp område som er viktige med tanke på å vere oppdaterte fagleg og kunne gje gode, faglege råd. Det er eit mål at vi skal kunne følgje denne planen så godt som råd er. Dette vart stort sett gjennomført for 2023, med 2 unntak.

Internkontroll

Ingen avvik meldt i perioden 2021-2023.

Status internkontroll

PPT er ikkje gode nok på å melde avvik, og arbeider med å følgje opp dette arbeidet i Compilo.

Status økonomi

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
Valle kommune	780.402	799.000	18.598	97,7
Totalt for Valle, Bykle og Bygland	2.379.818	2.422.120	42.302	98,25

For året 2023 har PPT brukt rett i underkant av budsjett, både samla for alle kommunane og for Valle kommune.

Oppsummering tiltak

PPT har ikkje hatt eigne økonomitiltak for 2023.

Sjukefråvær Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,80 %	0,00 %	0,80 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2023	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Status sjukefråvær og HMS

PPT har hatt svært lite sjukefråver i 2023, og då bare korttidsfråver.

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS Det har vore svært lite sjukfråver ved PPT siste åra. Det har derfor ikkje vore naudsynt med særskilte tiltak. Det er bare 2 tilsette, men det blir gjennomført medarbeidarsamtale kvart år, med oppfølging kvart halvår.

NAV

Vertskommunesamarbeidet om NAV lokaltjenester for kommunene Vennesla (vertskommune), Iveland, Åseral, Bygland, Valle og Bykle ble etablert med virkning fra 01.01.2020. Samarbeidet innebærer at de nevnte 6 kommunene har felles NAV kontor, som leverer tjenester for alle de 6 kommunene. Vennesla kommune leverer dermed tjenester innenfor enhetens fagområde for Vennesla samt de 5 samarbeidskommunene som er omfattet av avtalen. De tjenestene som leveres gjennom dette samarbeidet er statlige oppfølgingstjenester (oppfølging av arbeidssøkere / brukere med ulike bistandsbehov), statlige arbeidsgivertjenester

(rekrutteringsbistand, omstillingsbistand, oppfølgingsbistand, inkluderingsarbeid) og ulike kommunale tjenester (sosiale tjenester og bostøtte).

Årsrapport frå Nav vert handsama politisk som eiga orienteringssak.

Barnevern:

Setesdal barnevern består av 5,2 stillinger fordelt på tre kommuner. Dette er stillinger som jobber med alle faser av en barnevernssak – mottak av melding, undersøkelse, tiltak, fosterhjem og ettervern.

Setesdal barnevern hadde i 2023 en sterk nedgang i antall bekymringsmeldinger for Bykle kommune fra året før. Det var da følgelig nedgang i antall undersøkelser. Antall tiltakssaker og barn som har mottatt tiltak fra barneverntjenesten har ligget stabilt fra året før. Antall barn i fosterhjem har ligget stabilt og på et lavt nivå over flere år for Bykle kommune.

I Bykle går utgiftene i barneverntjenesten primært til drift – herunder lønnsutgifter. Setesdal barnevern drifter tiltak selv og har selv funksjon rundt veiledning i hjemmet.

Oppsummert har utgiftene til barnevern for Bykle kommune gått ned fra fjoråret. Dette beror på de faktorer som beskrevet ovenfor. Samtidig har det vært et fokus på å redusere rammer i eksisterende avtaler og kjøp av private tjenester samtidig som den saksmengden for barnevernet i Bykle har ligget stabilt over tid. Bykle kommune har generelt en del, men stabil mengde tilsynssaker (barn som bor i fosterhjem i kommunen – plassert av andre barnevern). Tilsynssakene utgjør også en del av barnevernets vanlige drift.

Kortids-sykefravær i tjenesten var i 2023 på 1,62 %.

Langtids-sykefravær i tjenesten var i 2023 på 11,47 %. Samlet sykefravær er derfor på 13,09 %. Dette beror på en ansatt som har vært delvis sykemeldt over tid

Setesdal barnevern leverar eigen årsrapport som vert handsama politisk.



Eining 110 Pleie- og hjelpetenesta

Formål/innhald/lovgrunnlag i/for tenesta.

Formålet til tenesta er å syte for at alle som til ei kvar tid oppheld seg i kommunen skal få nødvendig og kvalifisert helsehjelp. Tenesta gjevast i form av institusjonsopphald, sjukeheim, heimesjukepleie og hjelp til praktiske gjeremål i heimen. Pleie- og omsorgstenesta har ansvar for å yte tenester til personer med psykisk utviklingshemming. Tenesta er regulert etter Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven)

Måloppnåing i året i forhold til verksemdsplan for tenesteeininga.

Generelt:

Pleie- og omsorgstenesta har ein høg aktivitet på dei områda ein skal yte tenester på, med dyktige tilsette som yter mykje for at teneste mottakara skal ha ei god teneste med høg kvalitet.

Samfunn og utvikling:

Pleie og omsorgstenesta har i 2023 vore i stand til å yte tenestar til alle som har hatt behov for pleie- og omsorg, enten i heimen sin eller på institusjonen. Det meste av heimesjukepleie som ytast er til kommunens egne innbyggjarar. I gjennom året har det vore noko heimesjukepleie til turistar, spesielt i helgar og feriar, men ikkje av eit slikt omfang at ein ikkje har levera tenester. Me har i 2023 hatt auka fokus på organisering og kvalitet i heimesjukepleien, slik at den enkelte brukar kan klare å bu i eigen bustad lengst mogleg. Ei ser nå at det er auke i tenesta heimesjukepleie, medan institusjonstenestar har hatt ein lite auke, samanlikna med 2022. Institusjonen har hatt eit belegg i 2023 med 66,37% (i 2022: 56,94%.) Tala er basera på at det er 15 institusjons plassar. Omfang på institusjons tenester heng saman med fokus på heimebasert omsorg. Målet er å auke heimebasert omsorg og ned med antall liggedøgn i institusjon.

Tenestekvalitet for brukarane.

Ein pleie- og omsorgsteneste med god kvalitet krevjar kompetent fagpersonell, fleksibilitet, tverrfagleg samarbeid, individuell tenestetilpassing og god kapasitet og tilgjengelegheit i tenestetilbodet. For å kunne utvikle kvaliteten i tenestene er det avgjerande med dialog med dei som brukar tenestene. Eininga søkjar derfor aktivt vurderingar og tilbakemeldingar frå brukarane som eit ledd i kvalitetsarbeidet. Tenestekvaliteten er god for brukarane i kommunen. Tenesta er greit bemanna og kan gi eit godt kvalitativt innhald i kvardagen på institusjonen og eit godt fagleg tilbod til dei som treng pleie. Alle som har søkt om tenester i 2023 og som fyller vilkåra, har fått tildelt tenester.

I 2023 har eininga hatt eit økonomisk meirforbruk som i hovedsak skuldast auka tenester, lov pålagte tenester og auka teneste innan ressurskrevjande brukara.

Kompetanse og personalutvikling:

Pleie- og omsorgstenesta må ha medarbeidare og leiara som har kompetanse i forhold til tenestar ein skal yte. Eininga har tilsette med god fagutdanning innan alle felt, det er lite ufaglærte i tenesta.

I 2023 har me hatt færre utlysningar, og me arbeider med interne endringar for å løyse bemannings utfordringar. Det er fortsatt vanskar med å rekruttera sjukepleie kompetanse i tenesta.

Førebyggjande tenester:

Målet er å rigge tenestar slik at innbyggjarane skal kunne ta ansvar for eige liv så lenge som mogleg. For å få til dette, må ressursbruken rettast mot tiltak som er helsefremjande og førebyggjande gjennom tverrfagleg samarbeid. Ein vil halde fokus på områdar som:

- Kvardagsmestring og kvardagsrehabilitering og «Bu trygt heime» reforma i Bykle»
- Styrking av koordinerande eining for brukarar med behov for samanhengande og samtidige tenester.

- Kvalitet i tenesteyting

Utfordringar framover:

For fleire av einingane har det vore utfordringar i å rekruttera personar med naudsynt fagkompetanse. Særleg gjeld dette sjukepleiarar og vernepleiarar. Ein ser at fleire søker seg til andre stillingar og at det er eit problem i store delar av landet. Fleire oppgavar blir lag til kommunen, utan at det fyljer ressurser med oppgavane. Det gjeld spesielt oppgavar som tidlegare var 1. linje tenestar. Dette er krevjande med tanke på ressurs bruk og rett kompetanse på rett stad.

Bykle kommune har flest tilsette som jobbar deltid innan helse- og omsorgstenesta. Sjølv om deltid er redusert, er dette ei utfordring som ein framleis ikkje har klart å løyse heilt. Faktum er at dei fleste med fagutdanning, og som jobbar deltid, ønskjer å fortsetje med det. Fleire i heiltid aukar generelt kvaliteten på tenestene. Andel kvinner som arbeider i pleie og omsorg er høg, men det er også tilsett noen menn i tenesta.



Eining 121 Helsetenesta i Bykle og Valle

Helsetenesta har ansvaret for å gi alle personar som oppheld seg i kommunen naudsynte og fagleg forsvarleg helsetilbod. Tenesteeininga omfattar kommuneoverlege, fastlege, legevakt, fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjons- og skulehelseteneste, rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid (SLT) og psykisk helse og rustenesta. Det var i 2023 i alt 21,7 årsverk i Helsetenesta i Bykle og Valle.

Generelt

Stort frávær har ført til ei betydeleg belastning på dei som har vore att i tenestene, med tilsvarande økonomiske konsekvensar. Mykje av overført ferie og opptente timer

frå koronapandemien har vore utbetalt i slutten av året, men det er framleis ein del att som må takast ut i 2024.

Det er starta opp ein gjennomgang av helsetenesta med fokus på internkontroll, rutinar og styring. Arbeidet vidareførast for gjennomføring i 2024.

Legetenesta og helsehus

Legetenesta har hatt stort frávær, både på grunn av sjukdom og avvikling av avtalefesta permisjonar. Fleire vikarar måtte hentast inn, og fráværet har difor ført til betraktelege meirutgifter, ettersom me ikkje får refusjonar på sjukefrávær i denne yrkesgruppa som overstig 6 G.

Psykisk helse og rustenesta

Stillingsressurs, arbeidsmengde og økonomi

Tenesta har i 2023 hatt 3.43 stilling tilsett i gjennomsnitt, med samla vakanse på 0.57 årsverk i meldingsåret. Stillingane er fordelt på seks tilsette. Langtidssjukefrávær er årsak til vikarbruk på 1.5 stilling. Per 100% klinisk stilling har det vore gjeve tilbod til 69 personar, til samanlikning med 53 i 2022.

Individretta tilbod

Totalt har tenesta hatt kontakt med 154 personar, og 151 personar har motteke tilbod. 78 personar vart tilvist i meldingsåret.

Systemretta arbeid

Det har vore gjennomført diverse systemretta arbeid, som omhandlar arbeid med førebygging, helsefremming, kompetansedeling og tenesteutvikling. Til dømes arbeid med:

- Revidering av rettleiaren «*Barn som bekymrar*» – er i gang
- D-FACT-prosjekt Setesdal – implementering er i gang
- Tverrfagleg team - fast
- Rettleiing/samarbeid med helsestasjonane
- R-team i skule og barnehage i Bykle
- Miljøteam i Valle

Jordmortenesta

Jordmortenesta og beredskapen har fungert stabilt trass i frávær.. Det har vore mykje vaktberedskap og følgjeteneste, og totalt 16 fødsler i Bykle og 12 fødsler i Valle kommune i 2023. Det er utfordrande å skaffe vikar i høve til frávær. Helseføretaket gir òg klare signal på at dei ikkje har tilgang til vikar for jordmorberedskap.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta

I Bykle har alle helsestasjonskontrollar vorte utførte. Anbefalte arbeidsoppgåver har vore stabil og vorte følgt opp som planlagd, derunder vaksinasjonar, helsesamtalar og undervisningar. Sjukefrávær har òg her påverka drifta i 2023.

Helsetenesta har motteke midlar tilsvarande 50% lønn til ein ny 100% helsesjukepleiarstilling, for ein periode på tre år. Ny helsesjukepleiar vart tilsett i 2023. Me har også fått tilsvarande midlar for 2024.

Fysioterapitenesta

Tenesta vart brukt mykje i heile 2023. Fråvær har ført til eit redusert tilbod i fyrste halvår grunna forsinka tilsetning av ny fysioterapeut i ledig stilling.

Ergoterapitenesta

Vertskommunesamarbeid om felles ergoterapeut med Valle, Bygland og Åseral kommune vart avvikla etter ergoterapeuten sa opp stillinga si og det ikkje var mogleg å få tilsett ny ergoterapeut innan rimeleg tid. Ny ergoterapeut er tilsett i full stilling og kjem til å starte opp sumaren 2024.

Folkehelse

Folkehelseoversynet for Bykle kommune fekk ei fornying i 2023 og er no oppdatert. Kommuneoverlegen har saman med skulefagleg ansvarleg og andre aktørar byrja på å etablere eit systematisk folkehelsearbeid og blant anna starta opp ei folkehelsegruppe i Bykle kommune.. Organisering av folkehelsearbeidet i Valle er under drøfting. Frå 2024 av er kommuneoverlegestillinga flyttet frå helsetenesta til kommunedirektøren sin stab.

Kontorleiar

Det har vore tilsett kontorleiar i 40% stilling sidan februar 2023, ved å omdisponere delar av dei allereie tilgjengelege sjukepleiarressursar. Kontorleiarfunksjonen har vore knytt til legetenesta. For å kunne halde tritt med framtidig utvikling i sektoren er det ønskeleg med ei utviding til 100% stilling (kontorleiar/avdelingsleiar) som kan tene heile tenesta.

Økonomi

Helsetenesta har hatt eit meirforbruk per kommune på 1.7 millionar kroner, som i praksis er grunna i eit generelt stort fråvær. Særleg fråværet i legestaben har drevet utgiftene opp.



Eining 130/131 Teknisk drift og eigedom

Organisering:

Eininga er organisert i tre fagområder med følgjande ansvar:

- Bygg og eigedom: drifts og vedlikehaldsansvar for kommunale formålsbygg, anlegg og kommunale bustadar.
- VA og veg: drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale VA-anlegg og vegar.
- Reinhold: ansvar for reinhold av kommunens formålsbygg

Formål:

Eininga skal utøve ein mest mogleg effektiv tenesteproduksjon, leveranseprosess og ressursbruk i høve til eksterne og interne brukarar.

Hovudmål

Hovudmål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på redusert sjukefråvær og auka trivsel • Effektivisering gjennom innovasjon og digitalisering • Vere ein attraktiv og utviklande arbeidsplass • Ta ansvar for heilheitlig samfunnsutvikling i Bykle
-----------------------------	---

Måloppnåing i 2023

Satsingsområde 1: Kommunale bustadar	Eininga har delvis oppnådd mål innan satsingsområdet. Det er bygga 8 nye kommunale bustadar som er betre tilpassa dagens behov. Grunna mottak av flyktningar er ikkje vedtatt selte bustadar selt ennå.
Satsingsområde 2: Digitalisering	Eininga har delvis oppnådd mål innan satsingsområdet. Dei tilsette har fått auka fokus på vårt digitale internkontrollsystem og nye system knyta til IKT Agder. Digitale reinhaldsplanar som også var eit tiltak innan delmålet er ikkje oppnådd i 2023.
Satsingsområde 3: ENØK	Mål innan dette satsingsområdet er oppnådd. Det er installert ein god del fleire varmpumper i kommunale bustadar. Ein har også redusert energikostnadar pr. kvm bygg grunna betre styring av tekniske anlegg.
Satsingsområde 4: Trivsel og utvikling	Dei fleste måla for 2023 innan satsingsområdet er oppnådd. Fleire personar tok fagbrev dette året. Ein gjennomførte også arbeidsmiljøundersøking og sat i verk tiltak basert på dette. Sjukemeldingsprosenten var marginalt høgare enn målsettinga.

Økonomisk resultat:

Eining 130 gjekk med eit betydeleg underskot i 2023 i høve til revidert budsjett.

Orsaka til dette er den generelle prisauken i samfunnet. Dette har treft spesielt på fleire av TDEs utgiftspostar.

Som døme kan straumkostnadar nemnast. Til tross for at straumforbruket for kommunale bygg har gått betydeleg ned har total kostnadar til straum gått frå kr 5,1 mill i 2021 til kr 8 mill. i 2023. Straumkostnadane endte difor kr 3 mill over budsjett. Det har også vore ein betydeleg auke i materialkostnadar, noko som har påverka kostnadar til vedlikehald av bygg og anlegg. Her endte ein om lag 3,2 mill. over budsjett.

Høge drivstoffprisar førte også til eit overforbruk i høve til budsjett på denne utgiftsposten.

For eining 131 Sjølvkost blei resultatet kr 4,8 mill betre enn revidert budsjett. Også her har ein gått over budsjett på utgiftene, av same grunn som nemnt over.

Likevel har ein hatt fleire tilkoplingar til kommunalt VA-nett enn berekna, noko som har generelt betydeleg høgare inntekter frå tilkoplingsavgifta enn budsjettet. Dette har igjen sørge for at ein kom ut positivt totalt sett.

Oppsummering:

2023 har vore eit utfordrande år med tanke på den generelle kostnadsauka ein har hatt i samfunnet. I tillegg har eininga noko utfordringar med administrativ kapasitet i høve til å få gjennomført vedtekne prosjekt og samtidig sørge for ein akseptabel drift.

Sett bort frå dette så har den generelle drifta av bygg og tekniske anlegg vore god i 2023. Ein har gjort mykje godt vedlikehaldsarbeid.

Fleire viktige prosjekter er også gjennomført utan budsjettsprekkar. Mellom anna kan nytt vassverk, ny rundkøyning og nye kommunale bustadar på Hovden og fleire andre prosjekt nemnast.



Eining 150 Kultur og fritid

Formål: Bykle kommune skal bygge vidare på eit rikt, mangfaldig og berekraftig kulturliv. Kultur spelar ei viktig rolle i å skape eit levande og attraktivt miljø for innbyggjarar og besøkande. Kultur kan vere ei kraftig ressurs for å fremme sosial, økonomisk og kulturell utvikling. Ein skal arbeide for å vidareutvikle anlegg for idrett, kultur og friluftsliv med fokus på behov og sjølvorganisert aktivitet. Stimulere til eit variert tilbod av frivillige lag og organisasjonar. Løfte og fremje eigne tradisjonar, og vere opne for nye. Barn og unge skal ha høg prioritering.

Sosialt samhald: Grendehuset og samfunnshuset fungerer som ein samlingsstad for lokalsamfunnet, og styrkar relasjonane mellom innbyggjarane. Dette kan bidra til eit tettare fellesskap, betre naboskap og auka tilhøyrslø. Godt samarbeid mellom skular, helsevesen, barnehagane, næring og frivilligheita er viktig for effektivt folkehelsearbeid for innbyggjarane våre.

Kompetanse og personalutvikling: Kultur og fritid har 10 årsverk fordelt på 11 personar i fast stilling. I tillegg er det ei prosjektstilling knytt til UNESCO på ca. 30% som ligg til undervisning i kulturskolen.

Hausten 2023 vart det tilsett ny biblioteksjef, etter ei tid med delvis vakant stilling og vikariat i biblioteket. Avdelingane gjennomfører planmøte og personalmøte og har høgt fokus på godt arbeidsmiljø. Tilsette i kultur og fritid har høgare utdanning, men fokus på utvikling og auka kompetanse i framtida vil vere viktig. Tida er i stadig endring, og ein må vere fleksibel og styrke dei tilsette for raske omstillingar.

Arrangement / kulturformidling: K&F hadde i 2023 mange flotte arrangement retta mot ulike målgruppe; boksirkel, språk kafé, eventyrstund, klubb, UKM, workshops, ulike konsertar og teaterframсыningar. Me har òg hatt kulturkafé i Bykle, fire før og tre etter sommaren som har vore godt besøkt. I 2023 prøvde me oss på eit naturvitskapeleg show retta mot barn i påskeveka, det var populært. Me har hatt fleire konsertar, både i Bykle og på Hovden som har vore godt besøkt, mellom anna Hallvard T. Bjørgum i Lislestog som var ein del av Unescosatsinga. Me har etablert tilbodet Laurdagsopent grendehus på hausten, eitt i samarbeid med Hovden Sportsklubb med fokus på gjenbruk og idrett, og eitt med juleverkstad og peparkakeutstilling i samarbeid med fleire frivillige lag. I tillegg har frivilligsentralen mellom anna hatt seniortrim og seniortreff i Bykle Samfunnshus kvar veke, med jamleg godt oppmøte. Andre samarbeidsprosjekt har vore Bykledagen, Viking & Villrein, Lysmesse, Adventfest, konsert på Heimen, Bygdekvalden og Kvinlog kulturformidling. Generelt har alle arrangementa vore vellykka, godt gjennomført med godt oppmøte.

Kino Bykle: 21 filmar med 268 besøk. Snitt pr. film på 12,7 besøkande, noko som er ei auke på 49,4% frå 2022, då talet var 8,5 besøkande i snitt per film. "Kampen om Narvik" var årets best besøkte film, med 36 stykk i publikum.

Kino Hovden: 26 filmar med 458 besøk = snitt på 17,6, som er omtrent likt med 2022. Den best besøkte filmen var «Kampen om Narvik» på Hovden grendehus med 61 publikummarar.

Bibliotek:

Biblioteket består av hovudbiblioteket i Bykle og filialen på Hovden. Begge er kombinasjonsbibliotek med grunnskule. Biblioteksjef utgjør 1 årsverk og er tilsett 50% i skulebiblioteket (Bykle barne og ungdomsskule og Fjellgardane skule) og 50% i folkebiblioteket.

Biblioteket har registrert 20492 besøk i 2023. Utlånstalla ligg på 6212.

Hovudbiblioteket i Bykle er også eit meiropent bibliotek. Det vil sei at lånarar frå 16 år kan inngå avtale som gjer at dei kan låse seg inn med nasjonalt lånekort kvar dag mellom 07 – 23. Etter ei god og vellykka prøveordning der elevar frå 8. klasse fekk tilgang til meiropent, er dette no innført som eit fast tilbod for lokale ungdom busett i Bykle kommune. Det er per i dag ca. 40 brukarar.

Gjennom lånesamarbeid med andre bibliotek tilbyr vi lånarane eit breitt utval av bøker og andre media. Biblioteket har skulelevar på besøk fleire dagar i veka både på Hovden og i Bykle. Dette medfører at biblioteksjef fartar mykje mellom Bykle og Hovden i løpet av ei veke.

Sommarles var svært populært også i 2023, med 54 deltakarar som til saman las nærare 500 bøker. Justert for innbyggjartal tronar Bykle folkebibliotek øvst på deltakarstatistikken for Agder i Sommarles prosjektet! Me hadde avslutningsfest for prosjektet i september, med premieutdeling, kaker og ei teaterførestilling. Omtrent 50 barn deltok på festen.

Biblioteket har tilbudet eventyrstund for barnehagane på begge plasser ca. tre gonger kvart halvår. Dette er veldig populært og eit tilbod barnehagane ser fram til og gler seg til. Det er viktig at ein startar tidleg med god oppleving i biblioteka for barn.

Våren 2023 arrangerte me ei teaterførestilling for barn opp til 4. klasse, der me óg inviterte barnehagane. Me hadde ei førestilling i Bykle og ei på Hovden. Å arrangere slike ting i skuletida sørger for at me når ut til fleire enn me kanskje elles ville gjort om arrangementet var på kveldstid. Skulane og barnehagane uttrykker at dei er glad for tilbodet.

Ungdom og kultur:

Fagleiar ungdom og kultur er tilsett i 100% stilling, og har ansvar for å vere klubbleiar, nestleiar i Bykle-Hovden fritidsklubb, ansvar for UngdomsCrew, økonomi og rekneskap, innhald og medverking. Deltar i SLT (samordning lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid), prosjektleiar for UKM, kommunekontakt for UKM Fylke, etablera Unge Arrangørar, koordinator for ungdomsrådet, gjennomfører aktivitetar som utfyller tilbodet i kulturskulen med ulike Workshop gjennom året. Kontakt med Setesdal VGS / Hovden Skigymnas, og næringen for samarbeid. Søke midlar/rapportere for å kunne gjennomføre aktivitetar. Ungdomskontakt og ansvar for informasjon og marknadsføring. Det har vore noko mindre arrangement i løpet av 2023 på grunn av redusert ressurs i periodar.

Prosjekt 2023

- Prosjektleiar for UKM Bykle som blei gjennomført på Hovden.
- Prosjekt "Ungdommens Kulturhus /utvikling av open sosial møteplass for sjølvorganisert aktivitet både i Bykle og på Hovden, pågåande arbeid.
- Prosjekt ny skatehall på Hovden, pågåande arbeid.

Arrangement 2023

- PoolParty i badeland 25.februar, 52 deltakarar
- UKM kunstutstilling mars/april, 15 lokale barn og unge stilte ut kunst
- UKM Tekniske prøver 61 deltakarar 4. - 10, trinn Bykle/Valle, 17. mars
- UKM Framsyning 61 deltakarar, 140 publikum, 18. Mars
- Familiekonsert Rekordfestivalen, 12. August. 6 deltakarar, Ca 25 publikum (lokale barn og ungdom)
- SommarCamp 2023, 5. - 10. trinn var det 32 deltakarar, 16. August
- Fritidsklubb Kick-off i samarbeid med Hovden badeland, 60 deltakarar, 15. September
- Gaming turnering 4. oktober, 13 deltakarar
- Døgning 19. oktober på grendehuset med ungdomsklubben med 34 deltakarar.
- Halloweenfest 8.-VGS 27. oktober, 21 deltakarar
- Halloweenfest 5.-7. trinn, 31. oktober, 22 deltakarar
- "Jule-kick off" 18. November arrangement i samarbeid med kulturskulen frå 4. - 10. trinn, 34 deltakarar.

Workshops 2023:

- Ung arrangør Kick off kurs Kristiansand, 6 deltakarar, 21. Januar
- Stop Motion workshop 2 juniorklubbkveldar, 12 deltakarar
- Streetdance Camp 30.-1. September 12 deltakarar med 24 deltakingar

Søknad og innvilga midlar 2023:

- 65.495 Ungdom og fritid Frifond prosjekt Datakultur Hemsén
- 60.000,- Kulturmidlar

Bykle-Hovden fritidsklubb "SUMMIT"

Fritidsklubben har i 2023 hatt til saman 20 klubbkveldar fordelt på Hovden og Bykle + 16 dagar med arrangement. "Summit" har aktivitet for jr. (5.-7. trinn) og ungdom (8.-VGS) ca 2 gonger i månaden. Juniorklubb har anna kvar gong i Bykle og på Hovden. Ungdomsklubben er nå på Hovden bortsett frå enkelte gonger i Bykle. I Gjennomsnitt utgjer besøkande på ungdomsklubben 16 deltakarar. Juniorklubb Hovden har gjennomsnittleg 18 deltakarar, juniorklubb Bykle har gjennomsnittleg 11 deltakarar. Tverrfagleg samarbeid med tilsett frå kulturskulen på klubb.

Frivilligsentral:

Målet for Bykle Frivilligsentral er å leggje til rette for samskaping av aktivitetar der folk i kommunen kan aktivisere seg og oppleva gode, trygge møteplassar. Ein sentral møteplass er måndagstreff for seniorgruppa på samfunnshuset. Kvar veke samlast 5-10 pensjonistar til trim og påfølgjande kaffitreff. Andre faste aktivitetar er språkkafé, boksirkel og symjing i Bykle. Språkkafeen vert arrangera både i Bykle og på Hovden, og er har blitt ein populær møtestad for flyktingar og lokale. Språkkafé er ein fin arena for å praktisere norsk i eit trygt miljø.

Frivilligsentralen er også ansvarleg for koordinering av TV-aksjonen og organisering av laurdags-bygdekino i Bykle. Frivilligsentralen har ei sentral rolle inn mot lokale lag og organisasjonar som er ei av kultur sine primær oppgåver.

Frivilligsentralen har koordinert frivillige til flyktinghjelp, og bidreg generelt i integreringsarbeidet gjennom å engasjere flyktingar i aktivitetar og arbeidsoppgåver i kultur og fritid. Frivilligsentralen samarbeider med Flyktingtenesta, og bidrar med informasjon og transport for tilbod i kommunen.

Fagleiar Frivilligsentralen er medlem i ei folkehelsegruppe som har jobba aktivt gjennom året med ny folkehelseoversikt for Bykle. Gruppa arbeidar no vidare med forankring av folkehelsearbeidet og tiltak i kommunen. Frivilligheita er ein sentral aktør i folkehelsearbeidet og bidrar mellom anna til å bygge gode lokalsamfunn. Frivilligsentralens mandat i folkehelsegruppa bidrar til å synleggjere og systematisere frivillig arbeid i eit folkehelseperspektiv.

Kulturhus: Personar passert hovudinngang: 38812 i 2023 mot 42 715 i 2022 på Hovden. 12567 i 2023 mot 11492 i 2022 i Bykle.

Hovden grendehus: I mengde rombookingar, 1800 i 2023 mot 1323 i 2022, har grendehuset hatt ei auke på 36%. Hovden Sportsklubb er den største brukaren med

239 bookingar, med HSG/VGS hakk i hel med 222 bookingar, etterfølgd av kulturskulen og Fjellgardane skule.

Bykle samfunnshus har i mengde rombookingar 1040 i 2023 mot 942 i 2022. Bykle barne- og ungdomsskule står for mesteparten av bruken, deretter Bykle I.L. og kulturskulen. Bassenget har vore opent for familiebadning ein gang i veka, og til skule/Sfo.

Bykle Kulturskule:

Kulturskulen har 3 årsverk til undervisning og kulturarbeid for grunnskuleelevar først og fremst for alderstrinn 6-19 år. Kulturskulen har 43 registrerte elevar i grunnskule og 11 deltakarar over grunnskule. I tillegg er det satt av midlar til undervisning av tradisjonsmusikk i kulturskulen med eigne prosjektmidlar øymermerka Unesco.

Kulturskulen fungerer som kommunens ressurscenter for musikk og kultur. Dei tre årsverka er godt presentert i andre einingar med musikk for 1-10 ved Bykle barne og ungdomsskule, 1-7 trinn ved Fjellgardane skule, og med musikk i barnehagane. Andre oppgåver som også ligg til stillingane er lyd og teknisk ansvar, mellom- og ungdomstrinnsklubb og vaksenkor. Gjennomføring av ulike konsertar med elevane gjennom året.

Omlag 1. årsverk er fordelt på skule, barnehage, vaksenkor og klubb. Kulturskulen finansierer årsverka som vart nytta i dei andre einingane. Rektoransvaret for kulturskulen ligg til tenesteleiar for kultur og fritid. Pris pr. år for individuell undervisning var kr 2180,- i 2023. Pris pr. år for gruppeundervisning var kr 1090,-. Kulturskulen gir 50% søskenmoderasjon på alle tilbod yngre sysken nyttar. Korps og barnekor er gratis tilbod.



Eining 160 Bykle barne- og ungdomsskule

Lovgrunnlag

Opplæringslova og læreplanverket for den 10-årige grunnskolen.

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapet til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Generelt

Ved skulestart hausten 2023 hadde Bykle barne- og ungdomsskule 61 elevar, 26 på barneskulen og 35 på ungdomsskulen.

Alle i 1.-4. klasse brukar SFO. SFO i Bykle er opent frå 06.45 – 16.00 kvar dag utanom dei to seiste vekene juli. Totalt for hausten 2023 er det 13 elevar på SFO. Me har hatt 8 Ukrainske elever ved Bykle skule frå skulestart hausten 2023. Dei gjeng i ulike klassar og får ein dag i veka ekstra opplæring i norsk. Frå skulens side ser det ut til at dei trivast, er godt integrera og har det godt i Bykle.

I grunnskulen har vi 13 lærarstillingar, ein sosialpedagogisk rådgjevar og leiing. Vi har 380 % stilling på SFO. 60% av dette er knytt til ei spesialpedagogisk stilling på skulen. Vi har eit flott personale og trivselen og arbeidsmiljøet er godt mellom dei tilsette. Visjonen vår er aktive og trygge elevar. Skulen si hovudoppgåve er å legge forholda best mogleg til rette for læring og skape eit godt og trygt skulemiljø.

Samfunn og utvikling

Grunnopplæringa er ein viktig del av ein livslang danningssprosess som har fridom, sjølvstende, ansvar og medmenneskelegdom for den enkelte som mål. Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda, og for å gjere gode val i livet. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for deltaking på alle område innanfor utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Samtidig lever barn og unge her og no, og skolen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida.

Utklipp frå overordna del LK20

Vi arbeider for eit stimulerande læringsmiljø ved å legge vekt på verdiar, læringsmål, bygge relasjonar, gje gode tilbakemeldingar, elevsamtalar, gjennomføre sosiale tiltak og løne god åtferd.

Skulen er også ein PALS skule. PALS er ein forkorting for Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling i skolen. PALS er ein skoleomfattande modell for å styrke barns skolefaglege og sosiale kompetanse, førebyggje og meistre åtferdsproblem.

Eit trygt læringsmiljø kjenneteiknast av tydelege forventningar til sosiale og skulefaglege kompetanssmål og positiv åtferd. PALS utviklar og byggjer eit godt læringsmiljø for alle skulens elever, tilsette, leing og føresette

Tenestekvalitet for brukarane

Skulen gjennomfører foreldreundersøkinga, elevundersøkinga, utviklingssamtalar, foreldremøte, møte i FAU, Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet.

Skulen nyttar Visma Flyt Skule (VFS) som skuleadministrativt program. Tilnærma same programvare brukast også på barnehagane i Bykle kommune. Dette sikrar dei føresette god kjennskap til bruk av programvara gjennom heile oppvekstløpet VFS er ein moderne skytjeneste for skuleadministrasjon. Løysningen digitaliserer ei rekkje prosessar knytt til lærarens og elevens skulekvardag. Den bidreg også til eit betre samarbeid mellom skule, SFO og heim. Saman med VFS følgjer det med ein enkel og brukarvennleg app for dei føresette. Her kan dei følgje med på alt som skjer på skulen og appen legg til rette for ein effektiv, enkel og trygg måte å kommunisere på.

Skuleeigar har eit stadig større krav til dokumentasjon og rapportering. Saman med Visma Flyt Skule brukar skulen også Visma Sikker Sak (VSS). For skulen er trygg handtering av elevinformasjon viktig. VSS for skulen gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er enkelt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon og trygg lagring til det beste for skulen, elev og dei føresette. Alle elevane har tilgong på pc, eller nettbrett på skulen. Vi har digitale tavler i alle klassar. Bykle skule har hatt grei økonomi dei seiste åra og har difor hatt moglegheit til å satse både på lærebøker og digitale læremidlar. Det gjev ein fornuftig bruk av både tradisjonelle og nye og moderne måtar å drive skule på.

Skulen i Bykle har i mange år praktisert «mobilfri skule». Dette inneber at kvar elev ved skulestart legg sin mobiltelefon i ei hulle og der ligg mobiltelefonen til dei skal heim. Det er ingen elevar som har tilgong til mobilen gjennom skulekvardagen. Me på skulen saman med dei føresette ser mange positive effektar av dette:

- Mindre skjermbruk på kvar elev
- Mindre skjermbruk gjev auka fysisk aktivitet i friminutt
- Meir sosial omgang i friminutta
- Dei unge er meir «til stades»
- Dei unge treng ei pause frå sosiale media

Bykle barne og ungdomsskule jobbar systematisk med årlege trivselsundersøkingar og den store elevundersøkinga som gjennomførast nasjonalt. Både dei tydar på eit godt og trygt skulemiljø for våre unge i kommunen, men me har og elevar som ikkje har det trygt og godt på skulen.

Dei elevane treng ei spesiell oppfølging og skulen samarbeider tett med andre instansar i kommunen og har eit tett samarbeid med dei føresette.

Kompetanse og personalutvikling

I Bykle oppfylte 100 prosent av barneskolelærerne i norsk, engelsk og matematikk i 1.-7. trinn kompetansekravene. De beste kommunene ligger på 100 prosent. På ungdomsskolen oppfyller 100 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene.

Utklipp frå Kommunebarometeret

Dei som arbeider på skulen har god utdanning. Framover må vi sette fokus på å få godt kvalifiserte søkarar til stillingane vi lyser ut.

Det er elles ei utfordring å få kvalifiserte vikarar når det er lengre fråvær og vikariat. For å greie å gje god undervisning er det eit godt verkemiddel å ha litt romsleg med pedagogisk personale fast tilsett. Vi ønskjer også at flest mogleg held seg oppdaterte gjennom kurs, ekskursjonar, etter- og vidareutdanning. Dette er svært viktig for oss som er ein liten skule. Dette skuleåret er det 3 tilsette som tek vidareutdanning:

- Mobbing- forebygging og håndtering i barnehage og skole
- Begynner opplæring matematikk, norsk og engelsk 1-7. trinn
- Psykisk helse og Livsmestring ungdomskule

Vi har også intern kompetanseheving i personalet. For skuleåret 2023/2024 har skulen to satsingar saman med Statsforvaltar i Agder, Universitet i Agder og Universitetet i Stavanger som er skulens satsingsområde for personalet ved skulen og SFO.

- Læringsmiljøprosjektet (Å fremje eit trygt og godt barnehage og skulemiljø)
- Kompetanseløftet +(Eit inkluderande læringsmiljø)

Interne prosessar

Vi vil gjerne vidareutvikle engasjement og lojalitet for felles mål. Vi brukar medarbeidersamtalar og personalmøta aktivt for å utvikle oss vidare.

Medarbeidersamtalane syner at personalet gjer ein strålende innsats og at trivselen og arbeidsmiljøet er godt.

Vaksenopplæringa

For skuleåret 2023/2024 er det tilsett to pedagogar som har opplæring for dei Ukrainske vaksne i Bykle og på Hovden. Dei får opplæring i norsk og noko samfunnskunnskap. Dei er tre dagar på skule og 2 dagar i arbeidspraksis.

Tilbodet på Hovden for arbeidsinnvandrarar, kjem i tillegg med 20 % stilling. Vi har engasjerte lærarar som gjer ein flott innsats for dei framandspråklege. Det er introduksjonstilbodet og vidare oppfølging av ein del elevar som treng lengre tid på å lære seg språket. På kveldstilbodet for arbeidsinnvandrarar har det auka med elevar.

Det er stor skilnad på kor lang tid den enkelte treng for å få eit funksjonelt språk. Det vert jobba systematisk både med språk og kulturforståing, der målet er å få så mange som råd i arbeid eller vidareutdanning slik at dei kan få bruke ressursane sine i samfunnet vårt. Ein samarbeider tett med fleire instansar for å få dette til.

Økonomi

Bykle barne og ungdomsskule held seg innafor budsjett 2023.



Eining 170 Barnehage

Formål/innhald/lovgrunnlag i/for tenesta.

Lovgrunnlag: Lov 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova). Ajourført med endringar, seinast 18.06.10 nr. 26 i kraft frå 01.08.10.

Formål: Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Innhald: Pedagogisk tilrettelagt tilbod basert på ”Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver”, spesialpedagogiske tiltak for barn som etter søknad vert tildelt dette og eit eige opplegg for barna sin overgang frå barnehage til skule.

Måloppnåing i året i forhold til verksemdsplan for tenesteeininga:

Generelt: Bykle barnehage hadde våren 2023 12 barn fordela på 2 avdelingar og til saman 6,4 årsverk, inkl. tenesteleiar, hausten 2023 9 barn med 5,4 årsverk, inkl. tenesteleiar.

Fjellgardane barnehage hadde våren 2023 26 barn fordela på 3 avdelingar og 9,3 årsverk inkl. tenesteleiar, og hausten 2023 25 barn med 9,3 årsverk, inkl. tenesteleiar. Hausten 2023 nyttar ein dei ressursane ein har til spesial pedagogiske tiltak i barnehagane.

Vi har eit godt og fagleg sterkt personale i barnehagane. Det er trivsel på arbeidsplassen og eit godt arbeidsmiljø. Dei tilsette står på og trør til der det trengs når det er sjukdom eller anna på avdelingane. Vi ser at det å vere godt bemanna gjer

at både dei tilsette held lenger ut og det gjer ein ekstra tryggleik for barna og barna har allstøtt ein vaksen som ser det og har plass i fanget. Det hjelper ikkje med mange hender i ein barnehage om disse ikkje har tilstrekkeleg kompetanse for å kunne sjå, forstå og ivareta alle barna. Dagens auke i krav til kvalitet kan ikkje oppretthaldast og møtast av vikarar utan erfaring eller rett kompetanse. Kven som helst kan ikkje inn og jobbe i ein barnehage.

Det har også dette året vore mykje sjukdom, både i personalgruppa og blant barna.

Samfunn og utvikling: Barnehagen har som mål å gi eit utfordrande og lærerikt oppvekstmiljø, der ein godkjend årsplan har vore eit viktig arbeidsreiskap. Utarbeiding av årsplan gjerast i samarbeid med dei tilsette og er ein prosess som gjeng over lengre tid, dette for at årsplanen skal vere eit arbeidsdokument og brukast i det daglege arbeidet på avdelingane med barna.

1. januar 2021 blei barnehagelova endra. Barnehagen har fått nytt regelverk for barnehagemiljø. Det nye kapittelet skal syte for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Personalet i barnehagane i Bykle har vore med på å utarbeide «Plan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø for alle barnehagebarn i Bykle kommune» I tillegg har ein utarbeida rutinar og ein handlingsplan ved mobbing/krenkande åtferd.

Tenestekvalitet for brukarane: Barnehagane er i dagleg dialog med dei føresette. Vi gjennomfører oppstartssamtalar for nye barn, foreldresamtalar minst to gonger per år, foreldremøte og møter i samarbeidsutvalet. I tillegg til at både dei føresette og dei tilsette kan be om ein samtale med kvarandre når det skulle vere naudsynt elles i året.

Eit utdrag frå foreldreundersøkinga 2023, gjennomført på nett og utarbeida av UDIR. Det er fortsett litt lav svarprosent frå dei føresette, sjølv om dei oppmodas på det sterkaste til å delta på undersøkinga. Vi oppmodar alle til å ta seg tid til å svare slik at grunnlaget vert målbart. Foreldreundersøkingane tas tilbake på personalmøte og vi jobbar heile tida med å utvikle oss og møte foreldras ønskjer og behova til kvart einskilde barn.

(snittsvar)	Bykle barnehage	Fjellgardane barnehage	Bykle kommune
Ute- og innemiljø	4.8	4.5	4.6
Relasjon mellom barn og vaksen	5.0	4.9	4.9
Barnets trivsel	4.9	4.8	4.8
Informasjon	4.7	4.7	4.7
Barnets utvikling	5.0	4.9	4.9
Medvirkning	4.8	4.6	4.7
Henting og levering	5.0	4.7	4.8
Tilvenning og skolestart	*	*	4.7
Total tilfredshet	5.0	4.8	4.8

Kompetanse og personalutvikling: Personalet har hatt 5 planleggingsdagar med både intern og ekstern kursing. Personalet har hatt livredningskurs ute i vatn i Storetjønn med godkjend instruktør i Norges livredningsselskap.

Heile personalet er med på «læringsmiljøprosjektet», det er også begge skulane i kommunen. Frå UDIR.no: «Overordnet mål for prosjektet er å fremme et trygt og godt barnehage- og skolemiljø uten mistriksel og krenkelser som mobbing, vold, diskriminering og trakassering.

Barnehager, skoler og kommuner som er med i prosjektet får veiledning av et team bestående av personer fra et fagmiljø og erfarne personer fra barnehage- og skole. Veiledningen tar utgangspunkt i lokale behov og utfordringer. Å skape sammenheng med andre kompetanseutviklingstiltak er sentralt.

Deltakerne samles til faglig påfyll og erfaringsdeling på nasjonale og lokale fagdager hvert semester. Fagdage følger opp med veiledning og mellomarbeid i hver barnehage og skole. Veiledningen varer i to skoleår.

Deltakerne jobber med temaer som hvordan man kan fremme og utvikle et trygt og godt barnehage- og skolemiljø, hvordan man kan forebygge, avdekke og håndtere mistriksel og krenkelser. Regelverkskompetanse, organisasjonsutvikling, ledelse og positive barnehage- og skolekulturer er også viktig tematikk.»

Saman med barnehagane i Valle kommunen har vi også eit godt samarbeid med UiA på REKOMP. (Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage) Dertema er inkludering. Vi har hatt felles samlingar med personal i alle barnehagane og forelesarar frå UiA, vi har butta på å vere i Valle og i Bykle.

Interne prosessar: Medarbeidarsamtalar er gjennomført. Personal møte med mykje eksterne foredragshaldarar og noko internt har vore gjennomført ein gong i månaden. Personal møta nyttast i stor grad til felles kompetansebygging og utvikling. Det er møte med dei tillitsvalde ein gong per måned og det same med verneomboda. Hausten 2023 var det verneombodsmøte kvar 14. dag kor ein jobba med internkontroll og ROS-analysar.

Det er også pedagogisk leiarmøter og avdelingsmøter internt i begge barnehagane. Medarbeidarsamtalane syner at dei tilsette er godt nøgde med arbeidsplassen, men at det har vore krevjande med periodar med mykje fråvær. Sosiale tiltak som gir personalet felles opplevingar er viktege både for trivsel og for å knyte personalet saman.

Økonomi/avvik i høve til budsjett:

Enno ser ein at dei auka prisane og kostnadane generelt gjev innverknad på budsjettet. Barnehagane har haldt seg innan rammene i 2023. Barnehagen i Bykle har ein utgift for gjesteplass i barnehagen i Valle kommune. Barnehagane har heldt seg innafor budsjett i 2024



Eining 180 Fjellgardane skule

Lovgrunnlag

Opplæringslova og læreplanverket for den 10-årige grunnskolen.

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einkilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærlyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Formålsparagrafen i opplæringslova.

Generelt

Ved skulestart hausten 2023 hadde Fjellgardane skule 44 elevar fordelt på sju klassetrinn. Elevtalet er noko høgare en skuleåret før.

Det er 26 elevar om brukar SFO- tilbodet ved skulen i år. Opningstida er frå 07.30 til 16.15.

I aktive stillingar har vi gode 9 stillingar pedagog (inklusiv rektor) 0,2 stilling merkantil, og ca. 3,5 stilling assistent/fagarbeidar.

Alle elevane på skulen får tilbod om leksehjelp ein gong i veka. Det er lovpålagt for mellomtrinnet, 5-7.klasse, men skulen legg til rette for ein time i veka på alle trinn.

Det gjer ein god moglegheit til å få fagleg hjelp av pedagogar.

Visjonen vår er aktive og trygge elevar. Skulen si hovudoppgåve er å legge forholda best mogleg til rette for læring og eit godt og trygt skulemiljø.

Samfunn og utvikling

Grunnopplæringa er ein viktig del av ein livslang dannelsingsprosess som har fridom, sjølvstende, ansvar og medmenneskelegdom for den enkelte som mål. Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda, og for å gjere gode val i livet. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for deltaking på alle område innanfor utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Samtidig lever barn og unge her og no, og skolen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida.

Utklipp frå overordna del LK20

Vi arbeider for eit stimulerande læringsmiljø ved å legge vekt på verdiar, læringsmål, bygge relasjonar, gje gode tilbakemeldingar, elevsamtalar, gjennomføre sosiale tiltak og løne god åtferd. Ein del elevar får individuell tilrettelegging.

Vi er ein Pals-skule som har fokus på gode relasjonar mellom vaksne og elevar, gode tilbakemeldingar og fokus på god åtferd. Skulestartturen er ein viktig arena for relasjonsbygging. Ein del elevar får individuell tilrettelegging. Samarbeidet med fagforbunda er gode. Elles engasjerer vi oss i lokalsamfunnet med å invitere til Luciafest og bygdekveld og andre arrangement som er opne for alle. Kvart år er elevane med på å same inn pengar til TV-aksjonen. Resultata på kartleggingsprøver og nasjonale prøver er gode.

Skulen har eit flott personale, trivselen og samarbeidet er godt.

Tenestekvalitet for brukarane

Skulen gjennomfører foreldreundersøkinga, elevundersøkinga, foreldresamtalar, foreldremøte, møte i FAU, Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet.

Skulen nyttar Visma Flyt Skule (VFS) som skuleadministrativt program. Programmet vart teken i bruk hausten 2022 . Tilnærma same programvare brukast også på barnehagane i Bykle kommune. Dette sikrar dei føresette god kjennskap til bruk av programvara gjennom heile oppvekstløpet

VFS er ein moderne skytjeneste for skuleadministrasjon. Løysningen digitaliserer ei rekkje prosessar knytt til lærarens og elevens skulekvardag. Den bidreg også til eit betre samarbeid mellom skule, SFO og heim. Saman med VFS følgjer det med ein enkel og brukarvennleg app for dei føresette. Her kan dei følgje med på alt som skjer på skulen og appen legg til rette for ein effektiv, enkel og trygg måte å kommunisere på. I appen kan dei føresette:

- Melde fråvær

- Sende og ta i mot meldingar og gruppemeldingar
- Få vekentleg informasjon frå skulen og dei rådsorgan skulen har
- Sjå timeplanen
- Svare på skjema som kjem frå skulen, eller SFO
- Registrere SFO nærvere
- Gje og trekkje tilbake samtykke

Med VFS og tilhøyrande appar er informasjon lett tilgjengeleg og dialogen mellom heim og skule er enkel, trygg og effektiv.

Skuleeigar har eit stadig større krav til dokumentasjon og rapportering. Saman med Visma Flyt Skule tek skulen også i bruk Visma Sikker Sak (VSS). For skulen er trygg handtering av elevinformasjon viktig. VSS for skulen gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er enkelt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon og trygg lagring til det beste for skulen, elev og dei føresette.

Alle elevane har tilgang på pc, eller nettbrett på skulen. Vi har digitale tavler i alle klassar. Fjellgardane skule har hatt grei økonomi dei seiste åra og har difor hatt moglegheit til å satse både på lærebøker og digitale læremidlar. Det gjev ein fornuftig bruk av både tradisjonelle og nye og moderne måtar å drive skule på.

Fjellgardane skule er ein fådelt skule slik at fleire årstrinn går saman i mange fag. Vi prioriterer god deling i norsk, engelsk og matematikk innanfor den ramma vi har. Skulebygget, uteområdet og det tekniske utstyret på skulen er godt.

Alle elevane får gratis lunsj (som dei et saman), samt frukt klassevis.

På Fjellgardane skule har vi i fleire år no hatt det slik at vi flytter undervisninga ut på onsdagar. For 1.-4.klasse gjeld det dei fleste onsdagar, for 5.-7.klasse vekslar det meir mellom å vere inne og ute desse dagane. På utedagane gjer vi praktiske ting i samband med dei tema vi har om på skulen. Erfaringane med utedagen er positive. Læring krev personleg engasjement. Vi er svært avhengige av godt samarbeid med foreldra for å få dette til.

Fjellgardane skule har hatt studentar frå UIA dei siste 9 åra. Det er svært viktig for oss å vise oss fram for framtidige jobbsøklarar, samtidig som det også er til inspirasjon for skulen å få inn nokre med «ferske idéar.»

Kompetanse og personalutvikling

Lærarane ved skulen har høg kompetanse, fleirtalet med høgskule/universitetsutdanning på 5 år eller meir. Vi opplever at mange ønskjer å halde seg oppdatert gjennom kurs, erfaringsdeling og etterutdanning. Dette skuleåret er det ein lærar som tek vidareutdanning ved sidan av jobb.

Krava til formell kompetanse er 30 studiepoeng i norsk, engelsk og matematikk, samt ha undervisningskompetanse for å undervise i dei andre faga på barnetrinnet. Dette gjer til at vi satsar på vidareutdanning av lærarane. Vi er ein liten skule med få tilsette, og er difor ekstra avhengige av at lærarane har fagleg breidde.

Vi har også intern kompetanseheving i personalet. For skuleåret 2023/2024 har skulen to satsingar saman med Statsforvaltar i Agder, Universitet i Agder og Universitetet i Stavanger som er skulens satsingsområde for personalet ved skulen og SFO.

- Læringsmiljøprosjektet (Å fremje eit trygt og godt barnehage og skulemiljø)
- Kompetanseløftet + (Eit inkluderande læringsmiljø)

Det er vanskeleg for oss å få tak i kvalifiserte vikarar ved fråvær. For å gjere oss mindre sårbare vil det vere fornuftig å ha tilsett litt romsleg med pedagogisk personale.

Interne prosessar

Medarbeidarsamtaler er gjennomført. Faste medråderettsmøter med PTV og PVO er gjennomført etter plan. Oftare en planlagt dersom det har vore naudsynt.

Medarbeidarsamtalane og personalmøta er viktige delar av dei interne prosessane. Personal møta brukast i stor grad til felles kompetansebygging. Sosiale tiltak som gir personalet felles opplevingar er viktige både for trivsel og for å knyte personalet saman. Vi utviklar engasjement og lojalitet overfor felles mål mellom anna ved å legge til rette for erfaringsdeling og lærande nettverk som arenaer for fagleg utvikling og refleksjon.

Økonomi

Fjellgardane skule held seg innafor budsjett 2023



Fotograf: Ann Ebeltoft